Tjeldstø sanering	1 500	1 500					3 000
Nordre Sæle sanering	2 000						2 000
VA Rongøy, sentrumsplan	1 500						1 500
Rong Høgdebasseng	600	4 300					4 900
	59 800	23 800	13 000	22 400	41 500	67 400	227 900

19 600

9 800

-

Investeringsbudsjett avløp (alle tall i tusen)

	2 020	2 021	2 022	2 023	2 024	2 025	Investering
Sund - kommunedelplan vatn og avløp							
Leidning Hamre - Steinsland kai, utsleppsleidning	4 000						4 000
Greinleidningar og andre mindre tiltak	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	6 000
RA Skogestranda	5 000						5 000
Skaga slamavsk.		5 000					5 000
Fjell - kommunedelplan vatn og avløp							-
Avløpsreinseanlegg Ågotnes (Krekjebærneset)	67 000						67 000
Avløpssanering og kapasitetsauke Straume	2 000	4 000	6 000				12 000
Avløpsanering Kolltveit		10 000					10 000
Brattholmen - Knarrevik - Hjelteryggen	9 000						9 000
Grunnavågen - Foldnes	4 500						4 500
Apalvågen - Eide			23 600				23 600
Solsvik - Landro - Polleide						14 000	14 000
Ebbesvika, etappe 2	5 000						5 000
Brattholmen - Nygårdshøgda		15 500					15 500
Avløpssanering Ågotnes		7 500					7 500
Fornyning / rehabilitering	2 500	2 500	2 500				7 500
Miljøovervåking / resipientgranskning		1 000	1 000				2 000
Øygarden - kommunedelplan vatn og avløp							-
Rong Gard inkl Svartevika	2 000						
Tjeldstø sanering	2 000	2 000					
Nordre Sæle sanering	2 000						2 000
VA Rongøy, sentrumsplan	1 500						1 500
Avløp Skjoldepollen	200	2 000	2 000				4 200
	107 700	50 500	36 100	1 000	1 000	15 000	205 300



Arkiv:

Arkivsaknr: 19/246 - 1

Sakshandsamar: Anne Erdal

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	02.12.2019	012/19
Kommunestyret		
Utval for tenester og levkår		
Utval for samfunnsutvikling	04.12.2019	005/19
Utval for plan		
Administrasjonsutvalet		

Budsjett 2020 - Økonomiplan 2020-2023

Samandrag:

Formannskapet skal gje innstilling til kommunestyret om budsjett og økonomiplan. Formannskapet si innstilling skal leggjast ut til offentlig ettersyn i minst 2 veker før det vert vedteke av kommunestyret i møte 19.12.2019, jf. Kommunelova §14-3, 4. ledd.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Økonomiplan budsjett 2020-2023 rådmannen sitt framlegg
Møtebok S32 Driftsbudsjett 2020 for ØBR KF
Møtebok S33 Økonomiplan 2020 - 2023 for ØBR KF
Rammeløyving for 2020 og tenesteytingsavtale - Øygarden kyrkjelege fellelsråd
Konsekvensjustert budsjett - budsjett 2020 - Øygarden kyrkjelege felleråd
Søknad om kulturmidlar Rong Brass
Søknad Fjell Festning Light Festival
Informasjon Fjell Festning Light Festival
Søknad Dale Oen Experience
YouExplore Academy - Informasjon
Søknad Home-Start Familiekontakten
Ber om oppretting av fond til sikring av strilen sitt språk og identitet
Søknad - Aktiv+
Søknad Museum Vest
Søknad PitStop
Informasjon PitStop

Innstilling til vedtak:

- 1 Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
- 2 Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
- 3 Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane. I medhald av § 12 annet ledd i «forskrift om gjennomføring av fordeling av skatt mv. mellom skattekreditorane» vert det avsett ein margin på 9 %.
- 4 Øygarden kommunestyre vedtek følgjande økonomiske mål for økonomiplan 2020-2023:
Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
Lånegjelda skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla skal vera oppnådd innan 31.12.2023.
- 5 Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett 2020 på kr 143,7 mill.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og betalingsvilkår for låneopptaket og til å underteikna lånedokumenta. Avdragstida blir tilpassa føresetnadane i Kommuneleova § 14-18.

Øygarden kommunestyre godkjenner rullering/ refinansiering av følgjande lån:

Lånegjevar/tilretteleggjar	Forfall	lånt	beløp
Danske Bank	14.01.2020	14.01.2019	198 445 000
Kommunalbanken	22.02.2020	22.02.2019	111 930 000
DNB	14.04.2020	14.10.2019	199 209 800
Kommunalbanken	03.05.2020	03.05.2017	107 000 000

- 6 Rådmannen får fullmakt til å ta opp kr 85 mill i lån til vidare utlån (Startlån).
- 7 Rådmannen vert gitt fullmakt til trekkrettigheit på kr 200 mill.
- 8 Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2020. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til

esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 5 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 4 promille i gamle Sund kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2020, jfr. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd.

- 9 Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2020.
- 10 Pensjonsavviket vert amortisert over 7 år frå og med 2020.
- 11 Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 31 420 000 for 2020.
- 12 Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 28 697 000 for 2020.
- 13 Øygarden kommune går ikkje inn som medlem i Vest-Norges Brüsselkontor.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren la fram eit historisk første budsjett for Øygarden kommune for budsjettåret 2020 og økonomiplanen 2020-2023 i kommunestyremøtet 21.11.2019. Vi viser til presentasjonen gitt i møtet. Sjølve budsjettdokumentet vart sendt ut dagen etter, og ligg ved denne saka.



Øygarden kommune

Budsjett og Økonomiplan

2020 - 2023



Rådmannen sitt framlegg

Innhold

1 Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak	4
2 Innleiing	6
3 Budsjettprosessen	8
4 Intensjonsavtalen for Øygarden kommune.....	9
Visjon	9
Overordna mål	9
Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter	9
5 Plansystemet	10
Innleiing	10
Planstrategi.....	11
Kommuneplanen	11
Økonomiplanen	11
Status planar.....	12
6 Økonomiske handlingsreglar	12
7 Organisasjon	13
Politisk organisering	13
Administrativ organisering	14
Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak.....	14
Næringsutvikling	14
Utvikling og kontroll	15
8 Bemanning.....	15
9 Rekneskap 2018.....	15
10 Framlegg til statsbudsjett.....	16
Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing	16
Barnehagar	16
Lærarnorm	17
Husbanktilskot	17
Opptrappingsplan for rus	17
Psykologar	17
Frivilligsentralar	17
Helsestasjon og skulehelseteneste	17
Dagtilbod til demente.....	17
Sjukeheimplassar og omsorgsbustader	18
Ressurskrevjande tenester	18
Integreringstilskot	18
Løns- og prisvekst	19
Pensjon.....	19
11 Budsjettføresetnader og økonomiske rammer	19
Folketalsutvikling	19
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	20
Eigedomsskatt	22
Havbruksfond.....	23
Fond.....	23
Utbytte	24
Lønsutgifter.....	25
Pensjon.....	25
Arbeidsgjevaravgift	25
Renteinntekter	25
Gjeldsutvikling.....	26
Gebyr- og brukarbetaling	26
Driftsprosjekt.....	26
Netto driftsresultat i økonomiplanperioden	27
Reformstøtte.....	27
12 Ei berekraftig utvikling	28
13 Budsjetttrammer i budsjett 2020.....	31
Omstillingsprogram – Øygarden 2023.....	31
14 Hovudoversikt drift.....	33
15 Investeringar	34

Kommentarar til dei einskilte investeringsprosjekta	34
16 Tenesteområda	38
Fellestiltak	38
Kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering	39
Om kommunalsjefområdet	39
Nøkkeltal (Kostra)	40
Status og utfordringar	40
Prioriteringar i perioden	41
Satsingsområde	42
Tiltak for å nå budsjettbalanse	44
Kommunalsjefområde Økonomi	45
Om kommunalsjefområdet	45
Nøkkeltal (Kostra)	45
Status og utfordringar	46
Prioriteringar i perioden	46
Satsingsområde	46
Tiltak for å nå budsjettbalanse	46
Kommunalsjefområde Oppvekst	47
Om kommunalsjefområdet	47
Nøkkeltal (Kostra)	48
Status og utfordringar	49
Prioriteringar i perioden	50
Satsingsområde	52
Tiltak for å nå budsjettbalanse	52
Kommunalsjefområde Helse og velferd	55
Om kommunalsjefområdet	55
Nøkkeltal (Kostra)	55
Status og utfordringar	57
Prioriteringar i perioden	58
Satsingsområde	59
Tiltak for å nå budsjettbalanse	59
Kommunalsjefområde Kultur og samfunn	61
Om kommunalsjefområdet	61
Nøkkeltal (Kostra)	62
Status og utfordringar	62
Prioriteringar i perioden	66
Satsingsområde	66
Tiltak for å nå budsjettbalanse	66
17 Oversikt søknadar organisasjonar mm	70
18 Obligatoriske skjema	71
Økonomisk oversikt drift	71
Budsjettskjema 1 A	72
Driftsbudsjett per ansvar	73

1 Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
2. Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
3. Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane. I medhald av § 12 annet ledd i «forskrift om gjennomføring av fordeling av skatt mv. mellom skattekreditorane» vert det avsett ein margin på 9 %.
4. Øygarden kommunestyre vedtek følgjande økonomiske mål for økonomiplan 2020-2023:
 - Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
 - Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
 - Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla skal vera oppnådd innan 31.12.2023.

5. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett 2020 på kr 143,7 mill.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og betalingsvilkår for låneopptaket og til å undertekna lånedokumenta. Avdragstida blir tilpassa føresetnadane i kommunelova § 14-18.

Øygarden kommunestyre godkjenner rullering/ refinansiering av følgjande lån:

Lånegjevar/tilretteleggjar	Forfall	lånt	beløp
Danske Bank	14.01.2020	14.01.2019	198 445 000
Kommunalbanken	22.02.2020	22.02.2019	111 930 000
DNB	14.04.2020	14.10.2019	199 209 800
Kommunalbanken	03.05.2020	03.05.2017	107 000 000

6. Rådmannen får fullmakt til å ta opp kr 85 mill i lån til vidare utlån (Startlån).
7. Rådmannen vert gitt fullmakt til trekkrettigheit på kr 200 mill.
8. Med heimel i eigedomsskatteleva (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2020. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringsseigedom.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 5 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 4 promille i gamle Sund kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2020, jfr. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd.

9. Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2020.
10. Pensjonsavviket vert amortisert over 7 år frå og med 2020.
11. Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 31 420 000 for 2020.
12. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 28 697 000 for 2020.
13. Øygarden kommune går ikkje inn som medlem i Vest-Norges Brüsselkontor.

2 Innleiing

Rådmannen legg med dette fram eit historisk første budsjett for Øygarden kommune for budsjettåret 2020 og økonomiplanen 2020 – 2023. Økonomiplanen utgjør kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1, fjerde ledd.

1.1.2020 er den nye storkommunen i Vestland fylke, Øygarden kommune, eit faktum. Etter fleire år med planlegging og tilrettelegging vert Fjell kommune, Sund kommune og gamle Øygarden kommune til Øygarden kommune. Den nye kommunen vil ha omlag 38 000 innbyggjarar, og vert størst etter Bergen i nye Vestland fylke.

Øygarden kommune har lyse framtidsutsikter. Kommunen har eit variert næringsliv, har gode natur- og rekreasjonsområde. Vi har føremonen med både å ha tettbygd byområde med mange fasilitetar, samstundes som vi har eit rikt og mangfaldig bygde- og kulturliv.

Arbeidsløysa ser no ut til å flate ut og oljerelatert næring er på veg opp etter nokre år med utfordringar. Dette betyr mykje for Øygarden kommune då fleire store anlegg ligg i kommunen og skaper mellom anna arbeidsplassar og verdiar lokalt og nasjonalt. Det å ha eit variert og livskraftig næringsliv betyr mykje for både innbyggjarar og kommunen.

Kommunen har ein viktig rolle i å leggje til rette for nyskaping og utvikling av næringslivet. Det er fleire store prosjekt under planlegging (Hamn på Ågotnes, CO₂ fangst anlegget Naturgassparken m.v) som vil bidra til ytterlegare vekst i den nye kommunen.

Sotrasambandet er no innan rekkevidde. Dette sambandet vil bety mykje for vidare utvikling av kommunen, både for dei som bur her og er avhengig av utpendling, men og for dei arbeidstakarar som pendlar inn til kommunen.

Sum driftsinntekter i budsjettet er kr 2,861 mrd, sum driftsutgifter er kr 2,874 mrd. Netto driftsresultat utgjør kr -36,9 mill (-1,3 %).

Det er ikkje krav til å visa beløp for sist budsjettår og siste vedtekne rekneskap i dei obligatoriske oppstillingane for nye kommunar. Vi har likevel i budsjettdokumentet, der det er mogleg, forsøkt å samanlikna budsjettet for Øygarden kommune i 2020 med dei gamle kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Budsjettarbeidet for 2020 har vore sers krevjande. Prognosen for 2019 viser svake netto driftsresultat i dei tre kommunane som vert Øygarden kommune. Samla disposisjonsfond i kommunane Fjell, Sund og Øygarden viser ein markant reduksjon i 2019, og prognosen for 2019 er at vi totalt vil ha om lag kr 127 mill på disposisjonsfond ved utgangen av året. For å ha ein sunn kommuneøkonomi bør vi ha om lag kr 300 mill i frie fondsmidlar.

Svake netto driftsresultat kombinert med låge disposisjonsfond gjer at vi har eit krevjande arbeid framom oss også i dei neste åra. Rådmannen har lagt vekt på å oppnå ein sunn økonomisk utvikling samstundes som det politiske vedtaket om å avsetja til infrastrukturfond vert gjennomført i økonomiplanperioden.

Etter ein vurdering er tilrådinga til handlingsreglar i neste økonomiplanperiode slik:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla skal vera oppnådd innan 31.12.2023. Inkludert i dette ligg og avsetnad til infrastrukturfond som kan gjennomførast frå og med 2023.

For å nå dei økonomiske måla innan 2023 trengs det at vi effektiviserar, digitaliserar og hentar ut gevinstar der det er mogleg. Alle steinar må snus i dette arbeidet. Dersom vi ikkje sit i førarsetet og tek naudsynte grep er det grunn til å tru at kommunen vil hamna i ROBEK-registeret. Rådmannen har difor i budsjettet lagt opp til eit omstillingsprogram over 4 år. I 2021 skal vi ha eit netto driftsresultat i

balanse, i 2022 skal vi leggja fram eit budsjett med netto driftsresultat på 1,75 % i tråd med handlingsreglane og i 2023 skal vi budsjettera med avsetting til infrastrukturfond jfr. intensjonsavtalen.

Korleis vi skal klara dette skal vi arbeida vidare med våren 2020. Eit virkemiddel er å ikkje erstatta tilsette som går av med pensjon eller sluttar gjennom å finna smarte løysingar, men rådmannen kan ikkje utelukka at det kan vera naudsynt med oppseiingar. Rådmannen vil understreka alvoret i den økonomiske situasjonen og dei tiltak som er skissert i økonomiplanen. Tiltaka og prioriteringane som er naudsynte for å få økonomien i balanse vil vera krevjande og vil måtte medføre endring i tenestenivået. Samstundes vil gjennomføring av tiltaka gje kommunen naudsynt økonomisk handlefridom, noko som på sikt vil vera bra for innbyggjarane, tenestene og dei tilsette.

Straume, 21.11.2019

Rune Lid
Rådmann

3 Budsjettprosessen

Budsjettprosessen har vore ein spennande prosess då vi tre kulturar har måtte finna løysingar i lag på korleis prosessen skal vera. Samstundes har budsjettarbeidet vore sers krevjande for å få samordna tre budsjett til eit nytt budsjett. Normalt har einingane gode samanlikningsgrunnlag frå tidlegare år, dette har vore utfordrande for nokre einingar i denne prosessen. Det er difor risiko for at det kan vera feil i talbudsjettet, særleg når det gjeld om postane er plassert rett einingane seg i mellom. Rådmannen har difor lagt opp til revidert budsjett før sommaren 2020, så snart det føreligg erfaringstal å byggja vidare på (etter første kvartal eller tertial).

Rådmannen vil gjennom arbeidet med leiingsplattform for Øygarden kommune blant anna kommunisera klare forventningar til leiarar om budsjettoppnåing og kontinuerlig og tett oppfølging av økonomi.

Budsjettprosessen har vore handsama i fellesnemnda sak 50/19 og legg opp til følgjande framdrift:

Dato	Tekst
21.11.2019	Rådmannen presenterar framlegg til økonomiplan/ budsjett i kommunestyret
25.11.2019	Utsending budsjettsak til formannskapet
02.12.2019	Formannskapet handsamar økonomiplan/ budsjett og legg det ut på høyring
02.12-19.12.2019	Økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020 på høyring
02.12-19.12.2019	ADMU/ AMU og andre utval handsamar økonomiplan/ budsjett
04.12.2019	Utval for tenester og levekår handsamar budsjettet
04.12.2019	Utval for samfunnsutvikling handsamar budsjettet
04.12.2019	Utval for plan handsamar budsjettet
19.12.2019	Kommunestyret handsamar og vedtek økonomiplan/budsjett

Netto driftsresultat utgjer kr -121 mill i 2020 slik talbudsjettet ligg føre før tiltak. Det vil seia at den nye kommunen manglar kr 121 mill for å dekkja driftsutgiftene dersom det ikkje vert iverksett tiltak som kan minska gapet mellom inntekter og utgifter. Rådmannen har difor gjort forslag om å redusera drifta dei komande åra for i første omgang å oppnå budsjettbalanse, dernest å sikra ei berekraftig drift som gir eit «overskot» i løpet av økonomiplanperioden.

I 2020 tilrår rådmannen tiltak som gir ein reduksjon i drifta på kr 84 mill, samt å nytta kr 37 mill av disposisjonsfondet for å saldera budsjettet. Om dei tilrådde tiltaka vert tatt ut eller reduserte utan at dei vert erstatta med andre tiltak, er det viktig å vera merksam på at det vil føra til auka bruk av fond for å dekkja driftsutgiftene. Prognosen for driftsfond er kr 127 mill ved inngangen til 2020. Dersom denne prognosen held seg, og det ikkje vert iverksett tiltak for å redusera drifta i 2020, har kommunen ingen «pengar på bok» til å møta eventuelle uføresette utgifter.

4 Intensjonsavtalen for Øygarden kommune

Intensjonsavtalen gjev ein del føringar for økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020. Nedanfor er utdrag frå intensjonsavtalen som ligg til grunn for budsjettarbeidet.

Visjon

Øygarden – eit fyrtårn i vest

Den nye kommunen skal byggja vidare på felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen.

Overordna mål

Nye Øygarden kommune skal vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar, med fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar. Kommunen skal løfta fram viktige verdiar som felles kultur, språk og identitet. Beste praksis i dei noverande kommunane skal vidareførast. Nærteneste-prinsippet skal leggjast til grunn med daglege tenester som er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt. Me skal ha ein kommune innbyggjarane er stolte av, og der det er godt og trygt å bu og leva.

Følgjande hovudmål vert lagt til grunn for den nye kommunen:

- Den nye kommunen skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknolog, energi og marine næringar
- Kommunen skal vera ein attraktiv bu- og arbeidsregion i bergensregionen
- Kommunen skal ha ein berekraftig kystkultur
- Kommunen skal levera tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane
- Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfaldig kommunesenter
- Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar der trivsel og kompetanse er grunnleggjande faktorar
- Infrastruktur innan veg, fiberkabling og VAR-tenester er høgt prioritert og skal framleis byggjast ut.

Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter

Økonomien i den nye kommunen skal vera i balanse. Det skal sikrast føreseieleg økonomistyring og handlefridom. Prisnivå på kommunale tenester og gebyr skal harmoniserast i løpet av dei fire første åra. Eventuelle overgangsreglar skal fastsetjast i første valperiode.

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar, mellom anna innan felles politisk og administrativ styring og leiging. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja tenestetilbodet.

Eigedomsskatt

I den nye kommunen skal det vera eigedomsskatt på verk, bruk og næring, ikkje på hus og hytter. Konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast.

Infrastrukturfond

I den nye kommunen må vi setja av til fond for å få løyst viktige lokale infrastrukturtiltak til beste for innbyggjarane og næringslivet. Dette vil bidra til at kommunen har midlar som kan nyttast til samfunnsutvikling. Eit prinsipp er at eit slikt fond kan løysa ut fylkeskommunale og statlege midlar med kommunal eigendel. Finansiering av fondet skjer ved avsetnad i form av eigedomsskatt, reduserte utgifter, avsetnad av statlege kommunereformmidlar med meir. I tillegg ligg det ute høyring om havbruksfond. Dette kan gje auka inntekter for kommunar som stiller areal til disposisjon for havbruksnæring.

Delar av eigedomsskatteinntektene på verk og bruk frå dagens Øygarden skal nyttast til å oppretta eit distriktsstrukturfond til utvikling av grendene i Fjell, Sund og Øygarden. Dette fondet skal gå til utbetring/ investering av veg i dagens Øygarden, Sund og grendene i Fjell. Fondet skal fordelast slik: Minimum 10 prosent av eigedomsskatteinntektene skal nyttast innanfor området som i dag utgjer Øygarden kommune, minimum 10 prosent innanfor området som utgjer Sund kommune og minimum 10 prosent innanfor dagens Fjell kommune. Med atterhald om eventuelle endringar i eigedomsskattelova for perioden, skal dette fondet ha ei funksjonstid på 10 år frå 01.01.2020.

Investeringsprosjekt


Vedtekne investeringsprosjekt i dagens gjeldande økonomiplanar (2016-2019) vert vidareført i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Det er ei føresetnad at prosjekta er fullfinansierte.

5 Plansystemet

Innleiing

Plan- og styringssystemet i Øygarden kommune skal vera heilskapleg og omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren nedanfor.

Plansystemet består av kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikra gjennomføring av politiske mål og prioriteringar. Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for iverksetting og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar.



Planstrategi

Kommunen skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 10-1. Planstrategien er første ledd i kommunen sitt plansystem og i kommunen sin langsiktige samfunnsplanlegging.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfta kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktige arealbehov, miljøutfordringar og tenestene sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er trong for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen sin utvikling. Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år. Kommuneplanen skal omfatta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser.

Før arbeidet med kommuneplanen vert igangsatt skal det utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skildrar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprossar. Økonomiplanen skildra korleis kommuneplanen skal følgjast opp i 4 års-perioden og er handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunane Sund og Øygarden har ein vedtatt samfunnsplan, medan Fjell manglar denne.

Økonomiplanen

Kommunen er pålagd å utarbeida ein økonomiplan, jf. Kommuneloven § 14-2. Økonomiplanen skal omfatta heile kommunen si verksemd og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Planperioden er dei neste 4 åra, og økonomiplanen skal rullerast årleg. Planar som omfattar avgrensa delar av kommunen si verksemd, jf. planstrategien, skal integrerast i økonomiplanen og bruk av midlar skal innarbeidast.

Gjennom økonomiplanen får kommunen oversyn over det økonomiske handlingsrommet, og kan gjera prioriteringar av ressursbruken til ulike føremål innanfor kommuneloven sitt krav til økonomisk balanse. Økonomiplanen skal vera saldert i heile 4-årsperioden.

Økonomiplanen kan utgjera eller inngå i kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1, fjerde ledd.

Status planar

I tabellen under er det vist kva for offentlege planar som pågår i kommunane Fjell, Sund og Øygarden hausten 2019.

Offentlige planar og prosjekt som pågår i Fjell		
Planområde	Plantype	Merknad
Reguleringsplan for Arefjordsvegen Fylkesveg (Brattholmen skule - Liljevatnet)	Offentlig reguleringsplan	Pågår
Kommunedelplan for Straume	Offentlig overordna plan	Kunnskapgrunnlag og evalueringsarbeid pågår
Kommunedelplan for Nordre Lillesotra	Offentlig overordna plan	Ikkje starta opp, men ligg i KPA som planbehov.
Områdeplan Se1, Bildetangen	Offentlig/privat områderegulering	1. gongshøyring, høyringsfrist midten av nov 2019.
Områdeplan Se3, Brannalsåsen	Offentlig/privat områderegulering	Motsegn etter 1. gongshøyring, usikkert om motsegna blir løyst i 2019. (Kan vera avklart før budsjettforhandlingane).
Områdeplan for Eide	Områderegulering	Pågår
Kommunedelplan for Knarrevik	Kommunedelplan	Naudsynt for gjennomføring av Sotrasambandet
Offentlige planar som pågår i Sund		
Planområde	Plantype	Merknad
Kommuneplan Arealdel (KPA)	Kommuneplan areal	Sendt på høyring, 1. gong
Interkommunal kommunedelplan for Skogsskiftet	Kommunedelplan	Sendt på høyring, 1. gong
Reguleringsplan Skogsskiftet	Reguleringsplan	Sendt på høyring, 1. gong
Områdeplan Vorlandsågen	Områderegulering	Pågår, privat initiativ
Reguleringsplan næringsområde Golta	Reguleringsplan	Motsegn. Satt på vent i påvente av KPA
Reguleringsplan Spildepollen skule m.m.	Reguleringsplan	Vedteke. Motsegn på del av området
Offentlige planar som pågår i Øygarden		
Planområde	Plantype	Merknad
Blomvågen Sør	Kommunedelplan	Planarbeid ikkje starta pr november 2019
Områdereguleringplan Vikane- Rong (B13)	Områdereguleringplan	Reguleringsarbeid også i 2020
Ny veg Dale - Dalsmarka	Planprogram/ mogleighetsstudie	Forslag til planprogram for kommunestyret i 2019. Høyring til 15.03.2020
Areseta infrastruktur	Detaljregulering	Planlagt ferdig 2019, men kan gå over i 2020
Reguleringsendring kryss Høyen	Detaljregulering	Planlagt ferdig 2019, men kan gå over i 2020
Øvågen friluftsområde	Detaljregulering	Planarbeid også i 2020.
Veg og vassleidning Breivik-Kollsnesvegen	Detaljregulering	Planlagt ferdig 2019, men kan gå over i 2020
Anna overordna arbeid		
Strategiar	Plantype	Merknad
Områdemodell for utbyggingsavtalar	Strategi/avtale	Tett kopla til arbeidet med Kommunedelplan for Straume og Regionsenterutvikling
Kvalitetsprogram for Ågotnes (strategisk dokument for å samordna kvalitet i planar).	Strategi overordna areal og kvalitetsplan	Under arbeid. Vedtak i nytt KS
Sykkelby Straume	Prosjekt/avtale	regionsenteret.
Byvekstavtalar		
HFK, oppfølging av handlingsprogram i regional ATP (bustad, parkering, sykkel, byliv og handel)	Prosjekt/avtale	Pågår
	Prosjekt i regi av VFK for alle regionsenter i Bergensregionen	Dette er prosjekt der kommunen er involvert, både adm og politisk. Det er prosjekt som involverer næringslivet. Det er prosjekt som er viktig for kunnskapsgrunnlaget for den vidare satsinga på regionsenteret.

Det er viktig å merka seg at fleire av områda der det pågår offentlig planlegging også er avhengig av private planprosessar og andre utviklingsprosjekt. Dei private planane er ikkje med på lista, pågåande prosjekt er heller ikkje uttømmende. Begge deler vil krevja offentlege ressursar.

Det er planstrategien for den nye kommunen som bør avklara planprioriteringa. Planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er prosessar som rådmannen vil tilrå vert prioritert i 2020, jfr. sak 55/18 i Fellesnemnda. I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vil utfordringsbiletet til kommunen og satsingsområda verta drøfta. Før vedtak i sak om planstrategi vil rådmannen tidleg i 2020 leggje fram ei sak om prioritering av arbeid med ikkje vedtekte offentlege planar.

6 Økonomiske handlingsreglar

Ein robust og berekraftig økonomi er sjølve grunnfundamentet for å oppretthalda og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Eit sentralt moment i ny kommunelov har vore å tydeleggjera kommunen sitt ansvar for å ta hand om eigen økonomi og handlingsrom på lang sikt. I lova er det mellom anna vedteke å lovfesta krav om at alle kommunar skal ha eit økonomireglement. Økonomireglement for Øygarden kommune skal jfr sak 50/19 i Fellesnemnda leggjast fram for kommunestyret innan 31.03.2020.

Ifølgje ny kommunelov § 14-2 pkt c) skal alle kommunar vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunen sin økonomi. Døme på slike handlingsreglar kan vera:

- Storleik på netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

- Storleik på disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter
- Storleik på netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld pr innbyggjar samanlikna med landsgjennomsnittet
- Eigenfinansiering av investeringar

Teknisk berekningsutval (TBU) si tilråding er at netto driftsresultat bør vera over 1,75 %. Netto driftsresultat gir uttrykk for kommunen sin handlefridom, og viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt ifrå. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsetjast til seinare bruk.

Gjennomsnittleg storleik på disposisjonsfond i norske kommunar er 9,5 % av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfond er opparbeida reserver som fritt kan brukast både til drift og investeringar.

Gjeldsgraden (lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) reduserar handlingsrommet til kommunen. KS er varsam med å gje fasit på kva som er høg eller låg langsiktig gjeld. Det kan likevel vera ei rettesnor at når langsiktig gjeld nærmar seg 100 % av brutto driftsinntekter, tek kommunen stor risiko. Dette gjeld særleg for kommunar som ikkje har inntekter utover rammetilskot, skatt og gebyr/ brukarbetalingar.

Etter ei vurdering er tilrådinga til handlingsreglar i neste økonomiplanperiode slik:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter


Måla skal vera oppnådd innan 31.12.2023.

For å nå dei økonomiske måla innan 31.12.2023 trengs det at vi effektiviserer, digitaliserer og hentar ut gevinstar der det er mogleg. Alle steinar må vendast i dette arbeidet. Dersom vi ikkje sit i førarsetet og tek naudsynte grep er det grunn til å tru at kommunen vil hamna i ROBEK-registeret. ROBEK er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse. Kommunar som er i ROBEK-registeret må ha godkjenning frå KMD v/ fylkesmannen for å kunne ta opp lån eller inngå langsiktige leieavtalar. Budsjettvedtaka skal kontrollerast og godkjennast.

7 Organisasjon

Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:



Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sotralista (5), Folkeaksjonen Nei til mer bompenger (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Hordaland fylkeskommune.

Administrativ organisering

Øygarden kommune er organisert med to fullmaktsnivå (to-nivåmodell). Delegasjon knytt til fag, personell og økonomi vert i ein to-nivåmodell lagt til einingsleiarane. Prinsippet er at mynde til å ta avgjerd skal takast nærast mogleg brukar.

Fellesnemnda vedtok 18.06.2018 følgjande overordna organisering for Øygarden kommune:



Rådmannen, assisterande rådmann og fem kommunalsjefar utgjer rådmannen si leiargruppe. I tillegg er det fem assisterande kommunalsjefar, to på Oppvekst, to på Helse og velferd og ein på Kultur og samfunn.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå rådmannen. Det administrative delegeringsreglementet vert klart etter at politisk delegasjonsreglement vert vedteke. Stab- og støttefunksjonar er samla i større fagmiljø, og skal gje råd og støtte både til fullmaktsnivå 1 og 2. Einingane skal ha sterke fagmiljø, og byggja på prinsippet om myndiggjorte medarbeidarar og at avgjerd vert teke nærast mogleg brukar. For å unngå «gråsoner» må samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen sikrast og styrkast.

Det er totalt 67 einingsleiarar (rektorar, barnehagestyrarar, styrar ved sjukeheimar mv) og sju leiarar av stabsavdelingar i den nye organisasjonen.

Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta to kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF og Øygarden bustadutvikling KF.

Det er viktig å sikre eit godt samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til beredskap og kriser.

Forvaltninga av bustadene i kommunane vert no fordelt på tre område, Bustadstiftinga, Øygarden bustadutvikling KF og kommuneadministrasjonen. Det må lagast gode rutinar som sikrar ansvars- og oppgåvefordeling på ein tenleg måte.

Næringsutvikling

Den nye kommunen vil leggja til rette for framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen. Kommunen samarbeider og gjev tilskott til ulike aktørar, mellom anna Grunderparken Vest, Bergen og Omland Havn AS, Trigger og Gode sirklar. Ny modell for arbeid med næringsutvikling er under arbeid.

Utvikling og kontroll

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møte utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innanfor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

8 Bemanning

Øygarden kommune har 2 420 årsverk per 01.11.2019 fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

Kommunalsjefområde	Årsverk	Rådmann/ kommunalsjef/ ass.	Einingsleiar
Rådmann inkl ressursgruppe	22	2	0
Organisasjon og digitalisering	93	1	4
Økonomi	35	1	3
Oppvekst	1 246	3	43
Helse og velferd	769	3	19
Kultur og samfunn	256	2	5
Sum	2 420	12	74

66 % av driftsutgiftene i Øygarden kommune er lønsutgifter. Det er difor heilt nødvendig at vi har kontroll over talet på årsverk i kommunen. Her ligg mykje av løysinga for å få økonomisk kontroll.

9 Rekneskap 2018

Tabellen nedanfor viser utviklinga i netto driftsresultat dei siste åra i Fjell, Sund og Øygarden:

	R-2017		R-2018		B-2019		Prognose R-2019	
	Kr	%	Kr	%	Kr	%	Kr	%
Fjell	-14 873 990	-0,9	-36 183 278	-2,0	-25 914 000	-1,5	-48 000 000	-2,7
Sund	19 053 229	3,7	17 831 701	3,2	1 571 694	0,3	-5 000 000	-0,9
Øygarden	29 605 569	5,1	37 999 713	6,2	-33 636 233	-5,8	-41 000 000	-7,0

Sund og Øygarden har positivt netto driftsresultat i rekneskapen for 2017 og 2018, mens Fjell har negativt netto driftsresultat. For 2019 er det budsjettert med negativt netto driftsresultat både i Fjell kommune og i Øygarden kommune. Når det gjeld Øygarden kommune er 2019 eit unntaksår ut frå at fleire store prosjekt vart ført i driftsbudsjettet dette året. Sund kommune har budsjettert med eit marginalt positivt netto driftsresultat. Teknisk berekningsutval (TBU) si tilråding er at ein kommune bør ha eit netto driftsresultat som er over 1,75 % av brutto driftsinntekter for at det skal vera ein berekraftig økonomisk utvikling.

Det er viktig at den nye kommunen tilpassar aktivitetsnivået til dei rammene som kommunen har.

10 Framlegg til statsbudsjett

Regjeringa sine hovudprioriteringar i framlegget til statsbudsjett for 2020 er:

- Omstilla norsk økonomi
- Skapa vekst og fleire jobbar
- Byggja infrastruktur i heile landet
- Offensiv klimapolitikk
- Sosial berekraft og moglegheiter for alle
- Tryggleik

Hovudprioriteringane i budsjettframlegget for Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2020 er:

- ✓ **Levande lokaldemokrati.** Regjeringa vil leggja til rette for eit levande lokaldemokrati i heile landet. Eit sterkt lokalt folkestyre gir folk og lokalsamfunn fridom og gjer det mogeleg til å styra sin eigen kvardag og samfunnsutvikling. Lokalt handlingsrom er ein føresetnad for at kommunen kan jobba med innovasjon og lokalt tilpassa løysingar. Ein god og føreseieleg kommuneøkonomi er avgjerande for å realisera hovudsatsingar, og regjeringa vil halda fram med å prioritera økonomiske rammetilhøve for kommunesektoren også i 2020.
- ✓ **Ein enklare kvardag.** For å bidra til ein enklare kvardag, fortset regjeringa arbeidet med å fornya, forenkla og forbetre offentleg sektor. Det skal leggjast til rette for innovasjon, omstilling og digitalisering.
- ✓ **Trygge og gode butilhøve.** Trygge og gode butilhøve er viktig for å nedkjempa fattigdom. For å redusera barnefattigdom, blei bustøtta til barnefamiliar og andre store husstandar auka i 2019. Startlån og utleigebustader til vanskelegstilte skal prioriterast også i 2020.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med om lag kr 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2019 til 2020 vil kome som eit tillegg i inntektene. Nominell vekst for Øygarden kommune er rekna til 2,0 %.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,55 % i 2019 til 11,10 % i 2020. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera 40 % også for 2020.

Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Det er difor lagt opp til å redusera rammetilskotet i 2020 med kr 644,4 mill. Dette utgjer 7/12 av verknaden for eit heilt år (rekna til kr 1105 mill). Øygarden kommune er trekt kr 4,37 mill i rammetilskotet som følge av denne endringa.

Barnehagar

Frå hausten 2019 er også toåringar frå familiar med låg inntekt inkludert i ordninga med gratis kjernetid i barnehagar. Inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehage for barn i alderen 2 – 5 år i familiar med låg inntekt vert prisjustert til kr 566 100 frå 1. august 2020.

Regjeringa vidarefører ordninga med redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Det vil seie at ein hushaldning ikkje skal betala meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass. For 2020 vil alle barn som bur i hushaldningar med samla årsinntekt under kr 574 750 ha rett til redusert foreldrebetaling.

Frå 1. januar 2020 vert maksprisen på ein barnehageplass kr 3 135 per månad.

Lærarnorm

Frå 2015 er det løyvd øyremerkte midlar til auka lærarinnsats på 1. – 4. trinn i grunnskulen. Frå og med hausten 2018 er det innført ein nasjonal lærarnorm på skulenivå 1. – 10. trinn. Total løyving i 2018 var om lag kr 1,4 mrd.

Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene for 2020 er grunngitt med tidleg innsats i skulen, 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule. Det er framlegg om å innlemma i rammetilskotet kr 1 316,8 mill av det øyremerkte tilskotet frå kapittel 226 post 63, som er til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn. Det øyremerkte tilskotet er i 2019 om lag kr 1,7 mrd. for kommunane.

Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte. For Øygarden kommune utgjer dette kr 6,67 mill. Frå 2021 vil midlane bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, det vil seie etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Husbanktilskot

I statsbudsjettet er det framlegg om å innlemma tilskot til etablering og tilpassing av bustad i rammetilskotet. Øygarden kommune er tilført kr 3,4 mill gjennom rammetilskotet, noko som er mindre enn det vi har brukt tidlegare år som er kr 6,5 mill.

Opptappingsplan for rus

Stortinget vedtok i Prop. 15 S (2015-2016) ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016-2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunngjeve med satsinga på rusomsorg.

For 2020 er kr 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngitt med satsinga. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Psykologar

Frå 1.1.2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

Frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 200,2 mill. blir gjeve med særskilt fordeling i 2020 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2019 til 2020, med priskompensasjon. For 2020 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 904,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 per kommune.

Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det tidlegare øyremerkte tilskotet vert innlemma i rammetilskotet og vil utgjera om lag kr 2 mill.

Sjueheimplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegnsskema, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2 400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjueheimplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegnsskema som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2 000 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

Ressurskrevjande tenester

Kommunane mottar tilskot for personar under 67 år som mottar omfattande tenester innan helse, sosial og pleie- og omsorg frå kommunen. Dette kan mellom anna gjelda psykisk utviklingshemma, fysisk funksjonshemma, rusmisbrukarar, personar med psykiske lidningar og personar med omfattande pleiebehov.

Føremålet med toppfinansieringa er å sikra at tenestemottakarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får eit best mogeleg tilbod uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden vert vidareført med 80 % av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået vert auka frå kr 1 270 000 til kr 1 361 000 per brukar. Det inneber ein auke på kr 50 000 utover justering for pårekna lønsvekst i 2019 (3,2 %).

Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

For 2020 har vi budsjettert med ei inntekt vedkomande ressurskrevjande tenester på kr 57,7 mill.

Integreringstilskot

For 2020 er integreringstilskotet for å ta imot flyktingar følgjande:

Bosettingsår	Satsar 2019	Satsar 2020
År 1 (einslege vaksne)	237 000	241 000
År 1 (andre vaksne)	190 500	194 300
År 1 (einslege mindreårige)	187 000	187 000
År 1 (barn)	190 500	194 300
År 2	242 000	246 000
År 3	172 000	174 000
År 4	85 500	86 000
År 5	71 600	72 000
Sum (einslege vaksne)	808 100	819 000
Sum (andre vaksne)	761 600	772 300
Sum (einslege mindreårige)	758 100	765 000
Sum (barn)	761 600	772 300

Kommunane mottak i tillegg eit særskild tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktingar som får innvilga opphald på bakgrunn av søknad om asyl. Tilskotet skal sørgja for at dei einslege mindreårige flyktingane vert busett raskt og i gode bu- og omsorgstilbod tilpassa det einskilde barnet

og lokale forhold. For 2020 er satsane kr 1 196 000 til og med det året barnet fyller 16 år (2019: kr 1 203 700) og kr 750 950 frå 17 år til det året barnet fyller 20 år (2019: kr 755 300).

Løns- og prisvekst

Berekna løns- og prisvekst (deflator) i statsbudsjettet for 2020 er 3,1 %. Av dette utgjør pårekna lønsvekst 3,6 % og tel om lag to tredelar i den samla kostnadsdeflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester inngår i deflatoren med 2,2 %.

Det er eit gap mellom veksten i lønsutgifter på 3,6 % og veksten i dei frie inntektene på 2,2 % i statsbudsjettet. Dette gapet forventar staten at kommunane effektiviserar tilsvarande kvart år for å halda drifta på same nivå. Forventningar frå brukarane og krav til effektivisering krev nye løysingar, og innovasjon gjer det mogleg å løysa samfunnsoppdraget på heilt nye måter.

Pensjon

Det er venta at pensjonskostnadane for kommunane vil gå ned med om lag kr 450 mill i 2020. Det er stor uvisse til overslaget. Lågare pensjonskostnadar frigjer midlar til andre satsingar.

11 Budsjettføresetnader og økonomiske rammer


Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og alderssamansetninga.

Folketalet per 1.7.2019 var 38 196.


	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2035	2040
Fjell	25 204	25 725	26 166									
Sund	7 058	7 085	7 062									
Øygarden	4 913	4 877	4 889									
Nye Øygarden				38 673	39 207	39 720	40 274	40 819	41 384	43 976	46 230	48 126
Nye Øygarden	37 175	37 687	38 117	38 673	39 207	39 720	40 274	40 819	41 384	43 976	46 230	48 126

Utviklinga i folketall er ein viktig premiss i planlegginga av tenester. Frå 1.1.2018 til 1.1.2019 har folketallet i dei tre kommunane auka med 430 personar. Første halvår 2019 auka folketallet med 79 personar, dvs ein befolkningsauke på 0,20 %. Når det gjeld framskrivinga vidare er det brukt mellomalternativ (MMMM) frå SSB.



Folketal etter alderssamansetning:

Alder	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2035	2040
0-5	2 944	2 938	2 896	2 856	2 857	2 917	3 166	3 263	3 238
6-15	5 453	5 451	5 491	5 544	5 559	5 501	5 378	5 566	5 879
16-66	25 371	25 712	26 027	26 369	26 696	27 020	28 393	29 027	29 332
67-79	3 796	3 921	4 069	4 210	4 320	4 457	4 818	5 534	6 294
80+	1 109	1 185	1 237	1 295	1 387	1 489	2 221	2 840	3 383
Nye Øygarden	38 673	39 207	39 720	40 274	40 819	41 384	43 976	46 230	48 126



I økonomiplanen 2020-2023 er tal barn og unge stabilt, mens den eldre befolkninga over 67 år aukar med 12 %.

Fram mot 2030 er det ifølgje SSB sitt mellomalternativ (MMMM) venta ei auke på om lag 2 % i aldersgruppa 0-15 år og 44 % i aldersgruppa over 67 år. Fram mot 2040 er auken på om lag 9 % i aldersgruppa 0-15 år og 97 % i aldersgruppa over 67 år.

Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

KS sin prognosemodell er brukt ved berekning av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot). Framlegget til statsbudsjett for 2020 legg opp til ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 på 2,1 %. Pårekna skatteinntekter for landet byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,0 %) og lønsvekst (3,6 %).

Skatteøyre for kommunane er i 2019 11,55 %. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyre vert redusert med 0,45 prosentpoeng til 11,10 % i 2020. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2020.

	R-2018 *	B-2019 *	B-2020
Skatt på formue og inntekt	1 041 434	1 081 014	1 123 594
Rammetilskot inkl. inntektsutjamn.	953 701	995 769	1 033 817
Sum frie inntekter	1 995 135	2 076 783	2 157 411

*Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Alle tal i heile tusen kr.

Øygarden kommune har eit skattenivå som er lågare enn landsgjennomsnittet. Det er rekna med at skattenivået vil liggja på omlag 90 % av landsgjennomsnittet i 2020.

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert kompenserte for 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet vert i tillegg kompenserte for 35 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet.

Vi har lagt til grunn ein lokal skatteauke i 2020 på 2,8 % frå 2019 til 2020. Auken er rekna frå berekna skatteinngang i 2019. Resten av økonomiplanperioden anslår vi ein nasjonal og lokal skatteauke på 3 %.

Marginprosent

Ved kvart periodisk oppgjer i inntektsåret og dei seks første månadane i året etter inntektsåret skal det haldast tilbake ein bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Det er kommunestyret i kvar kommune som vedtek marginsatsen. Prosentsatsen skal vera minimum 8 % og bør ikkje overstiga 12 %.

Marginprosenten for Fjell kommune og Øygarden kommune har vore 9 %, mens marginprosenten for Sund kommune har vore 10 %. Fjell kommune har auka sitt overskot kvart år sidan 2011. Sund kommune har sidan 2009 gått litt opp og ned i overskotet. Øygarden kommune hadde overskot i 2017, men overskotet er mindre enn i dei tre føregåande åra.

Med bakgrunn i avrekning av marginavsetninga frå tidlegare år for Fjell, Sund og gamle Øygarden, vil vi tilrå at marginprosenten for Øygarden kommune vert sett til 9 % for 2020.

Einskildelementa i rammetilskotet for 2020 går fram av tabellen nedanfor:

Rammetilskot	B-2020
Innbyggjartilskot	958 089
Utgiftsutjamning	-42 381
INGAR	-2 057
Saker med særskilt fordeling	18 738
Inndelingsartilskot	29 426
Regionsentertilskot (kommunereform)	5 848
Ordinært skjønn	6 100
Skjønn - komp. bortfall av veksttilskot	3 904
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	977 667
Netto inntektsutjamning	56 150
Sum rammetilskot	1 033 817

Alle tal i heile tusen kr

Sum rammetilskot for Øygarden kommune er kr 1,034 mrd i 2020.

Inntektsutjamning

Øygarden kommune tapar kr 9,6 mill i inntektsutjamninga. Kommunen har teke dette opp med Fylkesmannen i Vestland 24.09.2019. Stortinget gjorde eit oppmodingsvedtak (nr. 929) 13. juni 2018 i samband med kommuneproposisjonen for 2019:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at sammenslåtte kommuner som får tap på grunn av reduksjonen i bosettingskriteriene, eller andre utilsiktede virkninger av inntektssystemet, blir kompensert for dette».

I kommuneproposisjonen for 2020 er oppmodingsvedtaket omtalt, først og fremst for utgiftsutjamninga. Det er òg omtalt at i særskilte tilfelle der ein kommune kjem uheldig ut av ein samanslåing, utover endringane i utgiftsutjamninga, må dette også vurderast i det enkelte tilfelle.

Fylkesmannen i Vestland har sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet der problemstillinga er omtalt. I Vestland fylke er det tre av dei nye kommunane som vil få ein vesentleg

reduksjon i inntektsutjamninga. I tillegg til Øygarden kommune, gjeld det Sunnfjord kommune og Ullensvang kommune.

Eigedomsskatt

Frå 2019 er ikkje lenger verk og bruk eigen kategori for eigedomsskatt, og for næringseigedommar vert det i eigedomsskattelova presisert at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal skattleggjast. Endringane skal ikkje gjelda for vasskraftanlegg og vindkraftanlegg, men nettanlegg vil i hovudsak bli fritake frå eigedomsskatt. Det same gjeld teleanlegg og anna infrastruktur.

I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget at kommunane skal få tilnærma full kompensasjon for bortfall av inntekter frå eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. Kompensasjonen er avgrensa til kr 500 mill, og skal fasast inn over sju år. I 2020 har regjeringa sett av kr 143 mill (2/7 av full kompensasjon).

For Øygarden kommune er verknaden av endringa totalt om lag kr 11 mill per år i redusert eigedomsskatt etter overgangsperioden på sju år. Etter berekningar vil vi få kompensert om lag 95 % av tapet. For 2020 vil kompensasjonen vera kr 3 mill.

I budsjettet for 2020 er eigedomsskatten redusert med kr 10,5 mill basert på intensjonsavtalen. Dette gjeld eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader i Sund kommune. For 2020 vert eigedomsskatt i Øygarden kommune skreve ut etter eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

	R-2018 *	B-2019 *	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023
Eigedomsskatt	176 853 161	170 669 000	158 106 000	156 606 000	155 106 000	153 606 000

*Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Eigedomsskatt	R-2018	B-2019
Fjell	5 305 699	750 000
Sund	11 069 761	10 750 000
Øygarden	160 477 701	159 169 000
Sum	176 853 161	170 669 000

I intensjonsavtalen står det det ikkje skal vera eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, men at konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast. Vi anslår at eigedomsskatt på næring kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 20-30 mill, mens eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 55-65 mill. Dette er basert på eit grovt estimat. Det har vore kontakt med fagfolk på feltet som meiner det er vanskeleg å gje eit estimat på eigedomsskatt på næring ut frå registrerte næringseigedommar i kommunen. I samband med ei eventuell taksering kan vi gje ein meir nøyaktig kalkyle på kor stort inntekspotensialet er. Det vil ta 1-2 år å gjennomføra taksering. Dette betyr at eigedomsskatt på næring og eventuelt bustader og fritidsbustader kan tidlegast innførast frå 2022 dersom det vert vedteke i budsjettet for 2020.

Med visning til intensjonsavtalen gjer ikkje rådmannen framlegg om å innføra eigedomsskatt på bustader, fritidsbustader eller næring no. Dette heng også saman med forventninga om at kommunesamanslåinga skal gje meir effektiv drift både politisk, administrativt og i tenestene. I budsjettet vert det lagt opp til eit omstillingsprogram i økonomiplanperioden for å identifisera og ta ut effektiviseringsgevinsten. Etter at dette arbeidet er gjort, vil rådmannen gjera ei ny vurdering.

Havbruksfond

Stortinget vedtok i 2015 å oppretta eit havbruksfond. Frå 2016 vert 80 % av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelt til kommunar og fylkeskommunar. Fiskeridirektoratet har ansvar for utbetalingane. Ved fordeling av midlane skal Fiskeridirektoratet leggja til grunn klarert lokalitetsbiomasse, slik det går fram av Akvakulturregisteret 1. september kl 12.00. Først i oktober får kommunane og fylkeskommunane utbetalt pengane.

Alle kommunar og fylkeskommunar, som det framkjem av Akvakulturregisteret har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene som vert fordelt årleg. Jo høgare del av lokalitetskapasiteten den einskilde kommune/ fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som vert fordelt får kommunen.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har dei siste åra fått følgjande inntekt:

Havbruksfond	R-2017	R-2018	R-2019	B-2019
Fjell	248 664	11 559 665	931 056	2 000 000
Sund	207 665	10 882 180	800 653	1 800 000
Øygarden	483 624	18 754 054	1 430 034	0
Sum	939 953	41 195 899	3 161 743	3 800 000

	R-2018 *	B-2019 *	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023
Havbruksfond	41 195 899	3 800 000	30 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000


*Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Havbruksfondet er budsjettert med kr 30 mill i 2020. Inntektsanslaget er usikkert.


Fond

Tabellen under viser utviklinga i samla fond for Øygarden kommune dei siste åra:

	Rekneskap 31.12. 2016	Rekneskap 31.12. 2017	Rekneskap 31.12. 2018	Prognose 31.12.2019
Disposisjonsfond	205 656 760	232 935 163	234 503 761	127 294 502
Bundne driftsfond	56 601 999	100 864 307	74 896 683	11 697 118
Ubundne investeringsfond	110 343 553	111 940 514	79 471 756	74 666 623
Bundne investeringsfond	23 750 572	25 822 362	23 189 654	21 885 409

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Øygarden kommune vil etter prognosen ha omlag kr 127 mill i disposisjonsfond per 1.1.2020. Norske kommunar har gjennomsnittleg 9,5 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond. For Øygarden kommune vil det bety at vi bør auka disposisjonsfondet til omlag kr 300 mill. Dette for å handtera svingingar i inntektene og ha stabilitet i tenestene.

Bundne driftsfond

Øygarden kommune vil etter prognosen ha omlag kr 11,7 mill i bundne driftsfond per 1.1.2020.

Utbytte

Det er i budsjettet for 2020 budsjettert med utbytte på kr 20,6 mill. Same beløp er vidareført i økonomiplanperioden. Dette gjeld utbytte frå BKK og BIR.

Lønsutgifter

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein årslønsvekst på 3,6 %. For 2020 er lønsauken lagt inn i konsekvensjustert budsjett med i tråd med statsbudsjettet.

Lønsreserven varierer i økonomiplanen avhengig av om det er hovudoppgjer eller mellomoppgjer. I 2020 er det eit hovudoppgjer. Løn utgjør 66 % av driftsutgiftene i budsjettet.

	R-2018 *	B-2019 *	B-2020	Endr 19-20	Endr 18-20
Lønsutgifter	1 497 805	1 464 196	1 507 457	3,0 %	0,6 %
Sosiale utgifter	373 641	398 200	380 492	-4,4 %	1,8 %
Sum	1 871 447	1 862 396	1 887 949	1,4 %	0,9 %

*Summen av kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Alle tal i heile tusen kr.

I Tabellen over har vi samanlikna budsjett 2020 for Øygarden kommune med dei tre kommunane Fjell, Sund og gamle Øygarden. Det er ei auke i lønsutgifter frå budsjett 2019 til 2020 på 3 %. Dei sosiale utgiftene går ned med 4,4 % frå budsjett 2019 til budsjett 2020. Samanlikna med rekneskapen for 2018 aukar lønsutgiftene med 0,6 %, mens dei sosiale utgiftene aukar med 1,8 %. Budsjett 2020 er inkludert reduksjon av stillingar som omtala i kap. 12 og 15.

Pensjon

Fellesnemnda gjorde vedtak om at Øygarden kommune skal ha ei forsikra pensjonsløyving i sak 73/18 i Fellesnemnda. Etter at pensjonsordninga hadde vore ute på anbod valde fellesnemnda KLP som pensjonsleverandør i sak 61/19. Vedtaket betyr at Fjell kommunale pensjonskasse ikkje lenger har konsesjonsspliktig verksemd. Fjell kommunale pensjonskasse vert etter søknad til Finanstilsynet avvika i løpet av 2020.

Det vil vera naudsynt med eit eigenkapitalinnskot til KLP på om lag kr 30 mill. Dette vert løyst ved realisering av kapital frå Fjell kommunale pensjonskasse. I sak 73/18 i Fellesnemnda var det anslått eit potensiale for realisering på kr 110 mill.

Sidan 2020 er første år med KLP som pensjonsleverandør for heile den nye kommunen er det gjort nokre føresetnadar ved budsjetteringa av pensjon. Vi har lagt til grunn nivået i tidlegare Sund og Øygarden ved budsjetteringa. Dette estimatet er noko usikkert.

Pensjon er budsjettert i samsvar med gjeldande reglar og med 7 års amortisering av premieavvik. Kommunane skal etter gjeldande regelverk rekneskapsføra netto pensjonskostnad. Dette er eit anna beløp enn det som vert innbetalt i premie. Avviket mellom premien og den rekneskapsførte kostnaden vert kalla premieavvik. For 2020 vil pensjonskostnadane utgjere om lag kr 151 mill for Øygarden kommune. Vi budsjetterer etter dette med ein sats på 19 % av løn i fellesordninga. For sjukepleiarar er satsen 20 %, og for lærarar 10,7 %. I tillegg kjem dei tilsette sin del med 2 %.

Etter prognosane vil oppsamla premieavvik vera om lag kr 25,4 mill ved utgangen av 2019. Dette er å sjå på som intern gjeld, og kan samanliknast med oppsamla underskot.

Det er budsjettert med kr 36 mill i eigenkapitaltilskot i investeringsbudsjettet.

Arbeidsgjevaravgift

Det er i budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 lagt til grunn arbeidsgjevaravgift på 14,1 %. Totalt er det budsjettert med kr 230 mill i arbeidsgjevaravgift for 2020.


Renteinntekter

Rentenivået har dei siste åra vore svært lågt. Noregs Bank heva styringsrenta frå 1,25 % til 1,50 % gjeldande frå 20.09.2019. Styringsrenta er dermed heva med 0,75 prosentpoeng så langt i 2019.

Rentebanen i Noregs Bank pengepolitiske rapport frå september 2019 tilseier at styringsrenta mest sannsynleg vil bli verande på dette nivået den næraste tida. Pengemarknadsrenta, målt ved tremånadars Nibor, har i snitt vore om lag 1,5 % fram til 4. kvartal 2019. Noregs Bank ventar at pengemarknadspåslaget vil liggja på omlag 0,4 prosentpoeng framover, slik at pengemarknadsrenta vil stiga i takt med styringsrenta. Renteinntekter og avkastning på kommunen sine likvide midlar er berekna ut frå eit rentenivå på om lag 2,0 % i 2020. Renteinntekter er budsjettert med ein inntekt på kr 5 mill i 2020, mens gevinst på finansielle instrument er budsjettert med kr 6 mill.

Gjeldsutvikling

Øygarden kommune vil per 1.1.2020 ha ei lånegjeld på kr 3,13 mrd. Tala er korrigert for den gjelda som skal overtakast av ØyVAR AS og Øygarden Bustadutvikling KF. Lån på kr 183 mill som gjeld VAR skal over frå gamle Øygarden kommune til ØyVAR AS i 2020.



I økonomiplanperioden 2020-2023 vil vi ha ei slik utvikling i lånegjelda:

	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023
Saldo 1.1	3 127 939	3 161 939	3 115 139	3 042 039
Nye lån	144 000	68 000	44 000	32 000
Avdrag	110 000	114 800	117 100	118 600
Renter	92 000	94 900	93 500	91 300
Saldo 31.12	3 161 939	3 115 139	3 042 039	2 955 439

Alle tal i heile tusen kr

Lånegjelda minkar i perioden frå kr 3,13 mrd til kr 2,96 mrd. Dette er ut i frå investeringar i økonomiplanen. Renteutgiftene er rekna ut frå faktisk rente i 2020 og 3 % i perioden 2021-2023.

Så lenge vi held investeringane på eit så lågt nivå at nye lån er lågare enn årets avdrag vil lånegjelda ikkje auka. Ved inngangen til 2020 utgjer lånegjelda 110 % av brutto driftsinntekter. I handlingsregelen for økonomiplanperioden er målet at lånegjelda ikkje skal utgjera meir enn 100 % av driftsinntektene. Med investeringsporteføljen som ligg føre i budsjettframlegget vil vi nå målet i 2023.

Gebyr- og brukarbetaling

Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2020.


Driftsprosjekt

Det er tre driftsprosjekt frå gamle Øygarden som har forsinka framdrift, og difor må leggjast inn og fullførast i 2020. Desse driftsprosjekta er finansiert med bruk av disposisjonsfond slik dei var i 2019, til

saman kr 5 mill. Dette er Fv 229 Sæle-Kalfaret, tilkomstveg Ovågen friområde og vegutbetring kryss Høyen.

Netto driftsresultat i økonomiplanperioden

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt ifrå, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsettingar og investeringar. Netto driftsresultat er såleis eit uttrykk for økonomisk handlefridom og er rekna for å vera den viktigaste indikatoren i kommuneøkonomien. Over tid bør netto driftsresultat liggja over 1,75 % av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera sunn i følgje Teknisk berekningsutval og Fylkesmannen.



Rådmannen sitt budsjettframlegg inneber eit driftsresultat på -1,3 % i 2020, 0,1 % i 2021, 1,8 % i 2022 og 3,4 % i 2023.

Reformstøtte

Kommunar som slår seg saman vil få tilskot som skal dekkja utgiftene ved sjølve samanslåinga. I 2017 vart det utbetalt kr 35,9 mill i støtte til å dekkja eingongskostnader. Når samanslåinga er eit faktum 1.1.2020 vil den nye kommunen få utbetalt reformstøtte. Reformstøtta er eit eingongstilskot, og tilskotet er differensiert etter tal innbyggjarar i den nye kommunen. For Øygarden kommune vil reformstøtta vera omlag kr 27 mill. Fellesnemnda har gitt rådmannen fullmakt til å forskottera delvis bruk av reformstøtta dersom det vert behov for det i 2019. Kor mykje av reformstøtta som vert brukt i 2019 er usikkert då mykje av utgiftene vil koma i slutten av året. I 2020 må desse midlane dekkja til dømes ombygging for å gjennomføra vedtatt lokalisering samt andre eingongsutgifter. Vi reknar med at om lag kr 7 mill av reformstøtta vert brukt i 2019 og kr 20 mill i 2020.

12 Ei berekraftig utvikling

FN sine berekraftsmål

FN sine medlemsland vedtok i 2015 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. FN sine berekraftsmål er sett saman av 17 mål og 169 delmål. Dei skal fungera som ein felles global retning for myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunn fram mot 2030.

Måla om berekraftig utvikling er gjennomgåande i kommunal sektor. Det kjem til uttrykk både som langsiktige mål, som eit gjennomgåande perspektiv og i konkrete satsingsområde. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegga framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkja sine. Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med berekraftmåla, og regjeringa har kome med tydelege forventningar om at kommunane legg FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. I kommuneplanen som skal utarbeidast for den nye kommunen vil FN sine berekraftsmål vera ein viktig premiss.

Perspektivmeldinga

Stortingsmld. 29 (2016-2017) (Perspektivmeldinga 2017) er eit viktig dokument som drøftar viktige utfordringar for norsk økonomi, for offentlege finansar og for vidareføring av dei norske velferdsordningane i eit langsiktig perspektiv.

Meldinga peikar m.a på:

- At varig velstand krev evne og vilje til omstilling
- At Noreg er godt rusta til å møte framtida - det er mange som deltek i arbeidslivet, vi har store naturressursar, ein kompetent arbeidsstyrke og solide statsfinansar. Velstanden er og jamnare fordelt enn i dei fleste land
- At vi produserer varer og tenester effektivt. Velstanden er bygd på handel med utlandet og frie marknader
- At vi som land har vore heldige, og har teke gode val. Den nordiske velferdsmodellen har tent oss vel. Noreg er eit godt land å bu i – vi er eit land med store moglegheiter

Det siste tiåret har produktivitsveksten vore lågare enn tidlegare. At vi lukkast med å få stadig meir ut av dei ressursane vi brukar, er den viktigaste drivkrafta bak auka levestandard.

Produktivitsveksten må derfor opp att om velstandsveksten skal fortsetje.

Klimaendringane stiller oss overfor store utfordringar dei neste tiåra, og eit grønt skifte vil endre rammene for norsk næringsliv både nasjonalt og globalt. Samstundes vil ein ambisiøs klimapolitikk kunne bety at våre olje- og gassreservar får lågare verdi.

Same dagen som statsbudsjettet vart lagt fram (8.10.18) kom det ei urovekkande og dyster rapport frå FN's klimapanel (IPCC). Rapporten skisserar at det må til veldig store endringar, og at vi må leggje om måten vi lever på i rekordfart for å nå målet om å avgrense den globale oppvarminga til 1,5 grader. IPCCs skildring av klimaendringane tyder på at ytterlegare oppvarming er farligere enn ein tidlegare har meint.

Det er særskild viktig at utvikling av ny, miljøvenleg teknologi skjer fort, og her har det offentlege ein viktig rolle når det gjeld å leggje til rette for at dette skjer, gjennom t.d gode rammevilkår.

Ein godt fungerande offentlig sektor er eit viktig fundament i den norske velferdsstaten. Vi har gode offentlege velferdsordningar, men må heile tida spørje oss om vi løyser oppgåvene godt nok. Dei siste tiåra har vore ein god periode for norsk økonomi og for offentlege finansar. Viktige økonomiske trendar har peika vår veg. Det er ikkje sikkert dette held fram.

Ei eldre befolkning fører til at ein lågare del av befolkninga jobbar og betaler skatt og at utgifter til pensjon og helse- og omsorgstenester vil auke. Inntektene må opp og/eller utgiftene ned.

Om mange blir ståande utanfor arbeidslivet på grunn av manglande eller feil kompetanse, vil børa bli større. Trygdesystemet skal gje folk tryggleik, men må samstundes ikkje utformast slik at store grupper permanent blir ståande utanfor arbeidsmarknaden. Auka innvandring gjer det stadig viktigare at og innvandrarakar blir godt integrert på arbeidsmarknaden. Alle kan i kvardagen gje eit bidrag for at integrering skjer på ein god måte, dette vil alle tene på.

Meir effektiv og målretta offentleg ressursbruk. Det må jobbast systematisk, kontinuerlig og aktivt for å auke effektiviteten i offentleg sektor.

Telemarksforskning

På oppdrag frå formannskapa i Fjell, Sund og Øygarden utarbeidde Telemarksforskning i 2016 ein rapport om kommunesamanslåing for dei tre kommunane. Konklusjonen var at tilhøva låg godt til rette for kommunesamanslåing. Vurderingane vart gjort med bakgrunn i kriteria for god oppgåveløysing som ekspertutvalet har lagt til grunn for kommunens rolle som demokratisk arena, tenesteytar, myndighetsutøvar og samfunnsutviklar. Samla sett fekk samanslåingsalternativet ein score på 330 av 400 poeng.

Rapporten syner at det kan vera mykje å spare på ny kommunestruktur. Til dømes er det peika på at administrasjonskostnadane kan reduserast monaleg når tre vert til ein, både politisk og administrativt.

Kostra-tala (2014) i rapporten frå dei tre kommunane viser at det er stor effektiviseringsgevinst ved å harmonisera alle tenestene ned til lågaste kommunenivå. Skule, barnehage og pleie og omsorg, som er dei største tenestemråda, vert i stor grad påverka av demografien. Innbyggartalsutvikling og alderssamansetning har stor påverknad på dei statlege rammeoverføringane. Overføringane skal reflektera at dei ulike aldersgruppene kostar kommunane ulikt. Yrkesaktive menneske klarar seg i hovudsak sjølv, medan barn og unge skal ha barnehageplass eller skuletilbod, og med alderen aukar behovet for pleie- og omsorgstenester. Basert på TBU sine framskrivingar og berekningar, vil den nye kommunen få om lag 28 % auka utgifter knytt til demografiske endringar frå 2016 til 2030. Dette vil i stor grad gjenspeila seg i rammetilskotet, men ut frå at det ligg forventning om årleg effektivisering i dei statlege overføringane, kan ein ikkje pårekna kostnadsdekning fullt ut.

Den framskrivne folketalsprognosen i rapporten (SSB mellomalternativ) viser at tenestebehovet innan barnehage og skule vil endra seg lite fram mot 2040. Når det gjeld pleie og omsorg har behovet auka noko fram mot 2020, men det vil auka kraftig fram mot 2040 (lik landet elles) ut frå at talet på eldre aukar (om lag tredobla). For den nye kommunen vert det difor anslått at behovet for pleie- og omsorgsårverk vil auka med 17 (pr 1000 innbyggjarar i yrkesaktiv alder) i perioden 2020-2040. Eit grovt anslag syner eit behov for opptrapping av årsverk i perioden med om lag 400 innan denne sektoren om tenestenivået og tenestebehovet er som i dag.

Telemarksforskning viser til at dei tre kommunane samla hadde eit tilfredsstillande netto driftsresultat i 2014. Ser ein på kommunane kvar for seg er det berre Øygarden som oppfyllte kravet om eit netto driftsresultat i tråd med tilrådinga frå TBU. Berekningane syner at den nye kommunen vil ha eit nivå på frie inntekter som er lågare enn i dag. Samstundes peikar rapporten på effektiviseringsgevinsten med ny kommunestruktur, særleg innan administrasjon. Netto utgjør desse to faktorane mellom kr 15 – 20 mill. Det vert difor understreka at det er både naudsynt og mogleg å effektivisera tenestene for å oppnå eit berekraftig netto driftsresultat.

Førebygging

Lov om folkehelse pålegg kommunane å driva førebyggjande og helsefremjande arbeid på alle område. Med bakgrunn i folketalsprognosen som er vist til i Telemarksforskning sin rapport, vil det vera sær viktig å prioritera førebygging i åra som kjem. Tala er urovekkande dersom tenestebehov og levesett held fram som i dag, då det ikkje vil vera mogeleg for velferdskommunen å oppretthalda behandling og pleie på dagens nivå. Det er heller ikkje mogleg innan dei økonomiske rammene å auka årsverka innan tenesta i tråd med den demografiske utviklinga. Dette er ei utfordring som gjeld

heile landet. Denne utfordringa er med andre ord ikkje unik for Øygarden kommune. Å gi hjelp til sjølvhjelp ved å ta i bruk ny arbeidsmetodikk, velferdsteknologi, samarbeid med frivilligheita og pårørande er naudsynt for å utsetja eller redusera tenestebehovet.

Det pågår eit arbeid med å utarbeida folkehelseoversyn for den nye kommunen. Oversynet skal gi innsikt i dei områda kommunen har utfordringar, og skal danna grunnlag for systematisk og målretta arbeid for å betra folkehelsa og redusera livsstilssjukdomar. Dette må skje både på samfunns- og individnivå. Særleg viktig er det at innbyggjarane gjennom god kunnskap om samanhengar mellom livsstil og sjukdom vert medvitne om at dei kan, og må ta ansvar for eige liv og eigen helsetilstand. Tidleg innsats i barnehage og skule, tilrettelegging av gode bumiljø, næringsutvikling, arbeid og aktiv fritid er viktige område i det helsefremjande arbeidet.

Effektivisering og harmonisering

Budsjett 2020 og prognosen for økonomiplanperioden syner at det er stort behov for å ta ut effektiviseringspotensialet i samband med ny kommunestruktur. Det må arbeidast både på kort og lang sikt for i første omgang å få budsjettet i balanse, dernest å sikra eit resultat som oppfyller intensjonen om eit akseptabelt netto driftsresultat og avsetnad til fond slik intensjonsavtalen legg opp til. Telemarksforsking peikar på potencialet knytt til politikk og administrasjon, men også innan tenestemåla. Det er lagt fram tiltak i budsjettet som kan gjennomførast straks for å få effekt første året innafor kvart kommunalsjefområde, men det må gjerast ytterlegare vurderingar og prioriteringar for resten av perioden snarast råd. Det framlagte budsjettet har behov for revisjon når det føreligg erfaringstal frå drifta første del av 2020, rådmannen vil difor koma tilbake til dette i det reviderte budsjettet.

Det er store skilnader i inntekts- og kostnadsstrukturen i dei tre kommunane i dag, jfr KOSTRA- analysane. Det er variasjonar kommunane imellom, men Øygarden har det høgaste driftsnivået på dei fleste tenestemåla. Det vert difor viktig å ta stilling til kva som må harmoniserast og kor raskt dette må skje, sett i lys av dei økonomiske utfordringane og tilrådde tiltaka i budsjettet. Rådmannen vil våren 2020 koma attende med eiga prinsippsak vedkommande harmonisering med framdriftsplan. Dette gjeld til dømes standard på tenester, bemanningsnorm, brukarbetalingar og løns- og arbeidsvilkår for tilsette jfr. vedtak 50/19 i Fellesnemnda.

Med bakgrunn i at om lag 70 % av driftsutgiftene er knytt til løn er det ikkje mogleg å gjennomføra effektiviseringstiltak utan at tal årsverk vert redusert. Rådmannen vil leggja stor vinn på å nytta naturleg avgang, men ut frå profesjonskrav vil det ikkje alltid vera mogleg eller rett å ta ut stillingar som «tilfeldig» vert ledige grunna naturleg avgang. Rådmannen ser det difor som sannsynleg at det kan verta aktuelt med oppseiingar dersom det ikkje let seg gjennomføra med naturleg avgang. Årsverksreduksjonen må vera basert på planar og analysar om ressursbehov, og vera i tråd med digitalisering og innføring av ny arbeidsmetodikk.

Dersom vi ikkje klarar å effektivisera drifta med effekt frå 1.1.2021 er risikoen stor for at Øygarden kommune hamnar på ROBEK innan få år.

Den nye kommunen er dimensjonert med 50 færre årsverk enn summen av dei tre gamle kommunane. Om lag halvparten av desse er vakante stillingar eller tilsette som går av med pensjon ved årsskifte 2019/ 2020. Fleire av desse gjeld leiarstillingar. Dei resterande årsverka er overført til ressursgruppa. Omstillingsavtalen gjev rett på fast tilsetjing ut 2021. Rådmannen arbeidar kontinuerleg med å finna ledige faste stillingsheimlar i omstillingsperioden. Desse stillingane skal vera innanfor den nye og lågare dimensjoneringa. Samla sett utgjer dette kr 40 mill i lågare driftsutgifter. Kr 20 mill av desse vil ikkje ha full effekt før i 2022 på grunn av retten til fast stilling i omstillingsperioden (2020-2021).

I ein krevjande økonomisk situasjon er det også naudsynt å vurdere inntektsgrunnlaget. Rådmannen viser til at det i intensjonsavtalen er lagt opp til at eigedomsskatt på næring skal utgreiast. Dette arbeidet vert også å koma attende til i revidert budsjett.

13 Budsjettrammer i budsjett 2020

Økonomiske rammer for kommunalsjefområda (netto tal) i 2020:

	B-2020
Politisk	16 476
Rådmann	76 475
Organisasjon og digitalisering *	348 819
Økonomi	30 321
Oppvekst	872 825
Helse og velferd	718 369
Kultur og samfunn	271 594
Sum	2 334 879

Alle tal i heile tusen kr

* I Organisasjon og digitalisering ligg tilskot til private barnehagar med kr 198,3 mill

Omstillingsprogram – Øygarden 2023

For å nå dei økonomiske måla innan 2023 trengs det at vi fornyar, forbetrar, effektiviserer, digitaliserer og hentar ut gevinstar der det er mogleg. Rådmannen har difor i budsjettet lagt opp til eit omstillingsprogram over 4 år. I 2021 skal vi ha eit netto driftsresultat i balanse, i 2022 skal vi leggja fram eit budsjett med netto driftsresultat på 1,75 % i tråd med handlingsreglane og i 2023 skal vi budsjettera med avsetning til infrastrukturfond jfr. intensjonsavtalen. Våren 2020 vert det sett i gang eit arbeid for å analysa og kartleggja organisasjonen sin ressursbruk og gjera samanlikningar med andre kommunar. Det vert viktig å finna tverrfaglege løysingar som sikrar heilskap og meir effektive arbeidsprosessar. Sidan ein stor del av utgiftene er knytt til løn, er det behov for å effektivisera gjennom å redusera årsverk i organisasjonen. Ein måte å gjera dette på kan vera å la vera å erstatta tilsette som går av med pensjon eller sluttar, men rådmannen kan ikkje utelukka at det kan vera naudsynt med oppseiingar.

I denne prosessen skal det leggst til rette for, og sikrast god medverknad frå dei tilsette i tråd med lov- og avtaleverk. Dette er sentralt for å sikra forankring og omforente prosesser som skapar legitimitet i organisasjonen.

Det er store variasjonar i kostnadsstrukturen i dei tre kommunane i dag, jfr KOSTRA- analysane. Det vert difor viktig å ta stilling til kva som må harmoniserast og kor raskt dette må skje, sett i lys av dei økonomiske utfordringane og tilrådde tiltaka i budsjettet. Rådmannen vil våren 2020 koma attende med eiga prinsippsak vedkommande harmonisering med framdriftsplan. Dette gjeld til dømes standard på tenester, bemanningsnorm, brukarbetalingar og løns- og arbeidsvilkår for tilsette jfr. vedtak 50/19 i fellesnemnda.

Opptrappingsplanen for å nå dei økonomiske måla:

	B-2020	B-2021	B-2022	B-2023
Sum netto driftsresultat før saldering	-121	-146	-146	-146
Tiltaksliste	84	149	150	151
Yttelelgare effektiviseringstiltak			50	100
Budsjettert netto driftsresultat	-37	3	54	105

Alle tal i heile mill kr

I planen for 2022 ligg målsettinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % under ytterlegare effektivisering. I planen for 2023 ligg målsettinga om avsetning til infrastrukturfond inne. Dei konkrete tiltaka for desse åra må vi komma attende til våren 2020.

Tiltakslista fordelt på dei ulike områda er slik:

Område	Tiltak	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Felles	Reduksjon inventar		-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
	Reduksjon opplæring		-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
	Reduksjon vikarutgifter		-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Sum			-24 000	-24 000	-24 000	-24 000
Rådmann	Ressursgruppe	-20	-7 300	-14 700	-14 700	-14 700
Sum			-7 300	-14 700	-14 700	-14 700
Organisasjon og digitalisering	Reduksjon årsverk	-5	-1 000	-4 000	-4 000	-4 000
	Reduksjon tillitsvalde	-2	-1 230	-1 230	-1 230	-1 230
	Reduksjon lærlingar	-20 %	-925	-1 850	-1 850	-1 850
	Reduksjon diverse driftsutgifter		-2 840	-2 840	-2 840	-2 840
Sum			-5 995	-9 920	-9 920	-9 920
Økonomi	Reduksjon årsverk	-3	-800	-2 400	-2 400	-2 400
	Reduksjon juridisk bistand		-118	-118	-118	-118
Sum			-918	-2 518	-2 518	-2 518
Oppvekst	Reduksjon årsverk barnehage	-5	-2 000	-2 000	-3 000	-3 000
	Reduksjon årsverk skule	-28	-8 750	-21 000	-21 000	-21 000
	Reduksjon årsverk SFO, heving av foreldrebet.	-1	-1 500	-2 000	-2 000	-2 000
	Reduksjon kjøp av tenester barnevern		-2 250	-3 000	-3 000	-3 000
	Reduksjon årsverk BUFT/ vikar	-1	-1 500	-2 000	-2 000	-2 000
	Polentur		-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
	Reduksjon årsverk PPT	-1	-350	-800	-800	-800
	Reduksjon diverse driftsutgifter		-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Harmonisering tenester		-5 650	-16 600	-16 600	-16 600
Sum			-24 500	-49 900	-50 900	-50 900
Helse og velferd	Reduksjon årsverk	-2,8	-2 000	-1 200	-1 200	-1 200
	Refusjon ressurskrevjande brukarar		-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
	Auka brukarbetaling		-1 560	-1 700	-1 700	-1 700
	Reserverte løyvingar LMS		-3 000	0	0	0
	Redusert kjøp av tenester		-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
	Effektivisering/ strukturendring		-500	-1 000	-1 000	-2 000
	Harmonisering tenester			-25 000	-25 000	-25 000
Sum			-11 060	-32 900	-32 900	-33 900
Kultur og samfunn	Reduksjon årsverk	-6,9	-5 534	-10 400	-10 400	-10 400
	Vedlikehald Saltebu Kystmuseet		-120	-120	-120	-120
	Reduksjon konsulenttenester		-500	-500	-500	-500
	Awikla kommunal landbruksstøtte		-350	-350	-350	-350
	Reduserte leigekostnader for bygg ved samlokalisering		-460	-460	-460	-460
	Reduksjon samlepostar på vedlikehald		-2 680	-2 680	-2 680	-2 680
	Reduksjon av diverse ymsepostar		-290	-290	-290	-290
	Reduksjon utgifter straum/ forsikring		-750	-750	-750	-750
Sum			-10 684	-15 550	-15 550	-15 550
Sum totalt			-84 457	-149 488	-150 488	-151 488

Tiltaka og konsekvensane av tiltaka vert skildra i kap. 16.

14 Hovudoversikt drift

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter				
Brukarbetaling	-98 310	-102 242	-106 332	-110 585
Andre sals- og leigeinntekter	-80 889	-82 911	-84 984	-87 109
Overføringar med krav til motytelse	-270 061	-276 812	-283 733	-290 826
Rammetilskot	-1 033 817	-1 055 993	-1 078 613	-1 103 185
Andre statlege overføringar	-95 840	-65 840	-65 840	-65 840
Andre overføringar	-470	-470	-470	-470
Skatt på inntekt og formue	-1 123 594	-1 157 302	-1 192 021	-1 227 782
Eigedomsskatt	-158 106	-156 606	-155 106	-153 606
Andre direkte og indirekte skattar	0			
Sum driftsinntekter	-2 861 087	-2 898 177	-2 967 099	-3 039 403
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	1 507 457	1 485 699	1 529 240	1 574 087
Sosiale utgifter	380 492	375 425	382 310	393 522
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	296 393	302 321	308 367	314 535
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	379 044	386 625	394 357	402 244
Overføringar	167 608	170 960	174 380	177 867
Avskrivningar	144 720	144 720	144 720	144 720
Fordelte utgifter	-2 146	-2 146	-2 146	-2 146
Sum driftsutgifter	2 873 568	2 863 604	2 931 228	3 004 829
Brutto driftsresultat	12 481	-34 574	-35 871	-34 574
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-35 254	-35 959	-36 678	-37 412
Gevinst på finansielle instrumenter	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Mottatt avdrag på utlån	-1 110	-1 110	-1 110	-1 110
Sum eksterne finansinntekter	-42 364	-43 069	-43 788	-44 522
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	101 536	104 436	103 036	100 836
Tap på finansielle instrumenter	0			
Avdrag på lån	110 000	114 800	117 100	118 600
Utlån	0			
Sum eksterne finansutgifter	211 536	219 236	220 136	219 436
Resultat eksterne finanstransaksjonar	169 172	176 167	176 348	174 914
Motpost avskrivningar	-144 720	-144 720	-144 720	-144 720
Netto driftsresultat	36 933	-3 127	-4 243	-4 380
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års reknsk.m mindreforbruk				
Bruk av disposisjonsfond	-36 933			
Bruk av bundne fond				
Sum bruk avsetningar				
Overført til investeringsrekneskapen				
Dekning av tidlegare års reknsk.m. meirforbruk				
Avsetningar til disposisjonsfond				
Avsetningar til bundne fond				
Sum avsetningar				
Rekneskapsmessig meir/ mindreforbruk	0	-3 127	-4 243	-4 380
Ytterlegare effektiviseringstiltak			50 000	100 000
Netto driftsresultat etter ytterlegare effektivisering	36 933	-3 127	-54 243	-104 380

Alle tall i heile tusen kr

15 Investeringar

Nr	Prosjekt	Brutto prosjekt- utgift	Tidl. løyvd	2020	2021	2022	2023	Sum 2020-2023
1	KLP Eigenkapitalinnskot	Årleg	Årleg	36 000	9 500	10 000	10 500	66 000
2	Investering IKT	Årleg	Årleg	16 000	12 000	12 000	12 000	52 000
3	Nødnett			1 200				1 200
4	Tomtekjøp	Årleg	Årleg	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
5	Ombygging/ rehab. bygg	Årleg	Årleg	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
6	Kommunale kaiar - påkostning	Årleg	Årleg	600	600	600	600	2 400
7	Rehab. eldre barneh.	26 700	17 700	3 000	3 000	3 000		9 000
8	Fallunderlag/ leikeapparat skular/bhg			400	400	400	400	1 600
9	Trafikksikring støypekantar/ overvann	Årleg	Årleg	7 400	7 400	7 400	7 400	29 600
10	Opprusting kommunale vegar			1 800	1 800	1 800	1 800	7 200
11	Større planoppgåver infrastruktur mm			2 500	2 500	2 500		7 500
12	Gang og sykkelsti Kausland - Glesnes	4 750	250	4 500				4 500
13	Nye omsorgsbustader for funksj.hemma (3 stk)			13 125				13 125
14	Barnehage Spildepollen, forprosjekt og bygging	33 800		23 700	10 100			33 800
15	Veglys, skifting til LED lys			500	500	500	500	2 000
16	Sundhallen, utbetring av armaturar og lyseslegg i garderobar, gang			440				440
17	Lysarmatur innvendig og utvendig div. bygg			320				320
18	Skogsvåg skule gamle delen armatur++			850				850
19	Prosjektering FV 198 Klokkearvik			6 500				6 500
20	Bygge lagerbygg ved Porsvika fiskerihamn			5 300				5 300
21	Turveg rundt Skogsvatnet			3 300				3 300
22	Områdeutvikling sør, ny brannstasjon			30 000				30 000
23	Stranda skule, nytt tak			4 000				4 000
24	Kryss Arseta sør	70 000		45 000	20 000			65 000
25	Hjeltefjorden symjehall	120 000	105 000	15 000				15 000
26	Uteområde Hjeltefjorden Arena	15 800	10 800	5 000				5 000
27	Gymsal Rong skule	31 250	28 250	3 000				3 000
28	Omsorgsbustader funksjonshemma Nord	7 200	3 200	4 000				4 000
29	Parkeringsplass FV 561 - Kjøpmannsvågen	3 000	1 000	2 500				2 500
30	Hjeltefjorden sjøfront - Molo			10 000				10 000
31	Veg Blomvåg vest - vegutviding				10 000	10 000		20 000
32	Gravplass Blomvåg inkl. gamal gravplass			2 000				2 000
Sum investering totalt				264 935	94 800	65 200	50 200	475 135
Finansiering								
	Mva.komp			-45 787	-17 060	-11 040	-7 940	-81 827
	Tilskot			-4 356				-4 356
	Husbankmidlar LMS			-35 000				-35 000
	Inntekter realisering av Fjell kommunale pensjonskasse			-30 000				-30 000
	Inv.fond			-6 000	-9 500	-10 000	-10 500	-36 000
	Låneopptak			-143 792	-68 240	-44 160	-31 760	-287 952
Sum finansiering				-264 935	-94 800	-65 200	-50 200	-475 135

Alle tall i heile tusen kr

Kommentarar til dei einskilde investeringsprosjekta

Investeringsramma for 2020 er kr 264,935 mill. Investeringane i 2020 er ei vidareføring av økonomiplanane i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Dei einaste nye prosjekta er brannstasjon Sør (kr 30 mill), nytt tak Stranda skule (kr 4 mill) og nødnett (1,2 mill). Lånebehovet i 2020 er kr 143,792 mill. I økonomiplanen ligg det investeringar på totalt kr 475,135 mill som må seiast å vera moderat. Det er eit bevisst val å halda investeringane så lågt som mogleg for ikkje å auka lånegjelda, og det er difor prioritert å slutføra prosjekt som allereie er starta framfør å starta nye prosjekt i 2020.

1. Eigenkapitalinnskot

Eigenkapitalinnskotet til KLP inneheld årleg berekna innskot frå dagens avtalar og ekstraordinær eigenkapitalinnskot på om lag kr 30 mill for 2020. Dette heng saman med at fellesnemnda valde KLP som pensjonsleverandør i sak 61/19 i Fellesnemnda, og at Fjell kommunale pensjonskasse etter søknad til Finanstilsynet vert avvika i løpet av 2020. Eigenkapitalinnskotet til KLP på kr 30 mill vert finansiert ved å realisera kapitalen i Fjell kommunale pensjonskasse.

2. Investering IKT

Investeringsplanen inneber investeringar på kr 16 mill i kvart år i økonomiplanen. Investeringsplanen gjeld alle investeringar i IKT inkl. arbeidet med digitalisering av undervisning i grunnskulen.

3. Nødnett

Dagens nødnett har for låg kapasitet, og det er difor naudsynt å investera kr 1,2 mill her for å tilfredstilla dei krav som er sett.

4. Tomtekjøp

Det er avsett kr 2 mill kvart år i økonomiplanperioden 2020-2023.

5. Ombygging/ rehab. bygg

Det er budsjettert med kr 15 mill kvart år i økonomiplanperioden 2020-2023 til ombygging/ rehabilitering v bygg.

6. Kommunale kaiar

I perioden 2020-2023 er det budsjettert med kr 0,6 mill kvart år til påkostning av dei kommunale kaiane. Løyvingane vert nytta mellom anna til sikringstiltak.

7. Rehabilitering eldre barnehagar

Det er tidlegare i Fjell kommune avsett kr 17,7 mill til rehabilitering av eldre barnehagar. I perioden 2020-2022 er det avsett kr 3 mill årleg.

8. Fallunderlag/ leikeapparat skular/ barnehagar

Det er behov for å gå over frå tradisjonell fallsand under leikeapparat i skular og barnehagar til heilstøypt gummiassfalt. Dette for å få tryggare underlag som ikkje let seg fjerne i samband med leik. Det er rekna med investeringskostnader på kr 1,6 mill i økonomiplanperioden fordelt over 4 år (kr 0,4 mill i 2020).

9. Trafikksikring støypekantar/ overvann

Midlane til trafikksikring er samla i ein post og utgjør kr 7,4 mill kvart år i økonomiplanperioden.

10. Opprusting kommunale vegar

Det er budsjettert med kr 1,8 mill kvart år i økonomiplanperioden til opprusting av kommunale vegar. Asfaltering og opprusting av kommunale vegar vert gjort ut frå ei vurdering av tilstand på dei ulike vegane.

11. Større planoppgåver infrastruktur mm

Det er rekna med investeringskostnader på kr 7,5 mill fordelt over åra 2020-2022. Dette gjeld den fysiske gjennomføringa av vedtekne kommunedelplanar og reguleringsplanar.

12. Gang og sykkelsti Kausland-Glesnes

Det er rekna med investeringskostnader på kr 4,5 mill i 2020 av total løyving på kr 4,75 mill. Det var ei målsetting å få gjennomført tiltaket til opning av Spildepollen skule, men tiltaket er forsinka.

13. Nye omsorgsbustader for funksjonshemma - Sør

Det er rekna med ei investeringskostnad på kr 13,125 mill i 2020. Statleg tilskot er på kr 4,356 mill. Finansieringsbehov etter statleg tilskot er kr 6,144 mill.

14. Barnehage Spildepollen, forprosjekt og bygging

Det er rekna med investeringskostnader på kr 34 mill i 2020-2021.

I samsvar med vedtak i kommunestyret i Sund 15.11.16, sak K- 119/16 «Rullering barnehageplan 2016 – 2026» skal det byggast ny barnehage i Spildepollen. Telavåg og Glesnes barnehage skal leggst ned og drifta samlokalisert i Spildepollen. I reguleringsplan for skuleprosjektet i Spildepollen er det sett av tomt til barnehagen. Tomta er lokalisert like ved den nye skulen. Skuleprosjektet har lagt til rette for barnehage når det kjem til dimensjonering av parkeringsplass og teknisk infrastruktur. Barnehagen vil nytte godt av ein omfattande tilrettelegging med både idrettshall og fotballbane like ved.

Ved å etablere ny barnehage i Spildepollen vil ein oppnå ei effektivisering av drifta ved at eininga vert større. Det vert også ei vesentleg effektivisering av teknisk drift. Barnehagane i Telavåg og Glesnes er ikkje bygd for barnehageføremål, og er lite eigna for barnehagedrift. Glesnes barnehage har eit stort etterslep på vedlikehald og treng omfattande renovering og utviding for å stette krav til mellom anna

miljøretta helsevern. Oppgraderingsbehovet er estimert til over kr 10 mill, noko som blir vurdert som ei lite framtidsretta investering vurdert opp mot kostnaden ved bygging av ny barnehage. I kostnadsestimatet på kr 34 mill er det lagt opp til ein barnehage med 5 avdelingar på om lag 1000 m² i Spildepollen.

15. Veglys, skifting til LED lys

Det er rekna med investeringskostnader på kr 2 mill fordelt over 4 år, kr 0,5 mill i 2020. Tiltaket kjem frå Sund kommune. I denne delen av kommunen er det om lag 1400 veglysarmatur. Om lag 800 av veglysarmatura treng å bli skifta grunna alder. Det vert lagt opp til ei gradvis utskifting etter prioritering frå eininga Eigedom, drift og vedlikehald.

16. Sundhallen, utbetring av armaturar og lysanlegg i garderober, gang

Det er rekna med investeringskostnader på kr 0,44 mill i 2020. Finansieringsbehov er kr 0,352 mill som blir dekkja ved opptak av lån. Det er behov for å skifte armaturar og lysanlegg i garderober og gangareal på idrettshallen.

17. Lysarmatur innvendig og utvendig div. bygg

Det er rekna med investeringskostnader på kr 0,32 mill i 2020. Det er behov for å skifte gamle armaturar på ulike bygg. Utvendige armatur: Sund skule, Stranda skule, Sundhallen. Innvendige armatur: Symjehallen, Stranda barnehage, Sund ungdomsskule. I alt 47 lysarmaturar.

18. Skogsvåg skule gamle delen armatur++

Det er rekna med investeringskostnader på kr 0,85 mill i 2020. Det er behov for å utbetre armaturar og lysanlegg i gamle delen av skulen.

19. Prosjektering FV 198 Klokkekarvik

Det er rekna med investeringskostnader på kr 6,5 mill i 2020, i tillegg til tidlegare løyving i 2019 på kr 0,25 mill. FV 198 på Klokkekarvik er eit område der det er svært dårleg tilstand på VA-anlegget med utfordringar med forureining i hamnebassenget. Det er planlagt utført i samarbeid mellom SVA, SVV og Sund kommune. Prosjektering er tenkt å starte i 2019.

20. Lagerbygg ved Porsvika fiskerihamn

Det er rekna med investeringskostnader på kr 5,3 mill i 2020. Kommunen eig eit mindre areal ved kaifronten til den nye fiskerihamna i Porsvika. Arealet er tenkt nytta til å betre fasilitatane til fiskarane som nyttar anlegget. I kostnadsestimatet vert det lagt til grunn eit uisolert lagerbygg for fangstredskaper på om lag 400 m², i tillegg til eit mindre isolert areal som vert nytta til garderobe/dusj/WC. Det vert lagt opp til at fiskarane kan leige lagerareal.

Rådmannen føreset at kapitalkostnader blir dekkja av leige av lagerplass.

21. Turveg rundt Skogsvatnet

Tiltaket er budsjettert med kr 3,3 mill i 2020.

22. Områdeutvikling sør, ny brannstasjon

Brannvesenet har behov for nytt bygg i sone sør, Skogsskiftet. Dette har samband med at leigekontrakten på eksisterande bygg går ut i 2020, og bygget skal rivast til fordel for kjøpesenter. Eksisterande brannstasjon tilfredsstiller ikkje krava til rein og skitten sone, garderobe- og vaskemoglegheiter. Den kommunale driftsavdelinga i sone sør er tenkt i same bygg som brannstasjonen då dette vil gje betydelege synergjar med tanke på sambruk av areal. Driftsavdelinga sitt areal i bygget vert utforma som ein opsjon slik at ein kan velja å ikkje realisera dette om kostnadane vert for høge. På same tomt vert det planlagt å etablere oppstillingsplass for bussar, slik at ein kan få frigjera dagens bussoppstillingsplassar i sentrum av Skogsskiftet.

Prosjektet er inne i ein tidleg fase, og kostnadane er difor grovt stipulert til kr 30 mill. Det er uavklarte tilhøve knytt til høgspenit/straum, VA og planering. Om ein inkluderer driftsavdelinga er investeringa estimert til å auke til kr 44 mill.

23. Stranda skule, nytt tak

Taket på Stranda skule trengs å skiftast. Prosjektet er rekna til å kosta omlag til kr 4 mill.

24. Kryss Arseta sør

Det vart i samband med områdeplan for Rongøy, vedteke planlegging av kryss på Arseta sør. Bygginga er kostnadsrekna til kr 70 mill der kr 5 mill er løyvd tidlegare. Sjølv kryssinga av FV 561 kan ikkje gjerast før ny 420 kV line frå Modalen til Kollsnes er i ordinær drift. Prosjektet komplisert og involverer fleire aktørar. Prosjektet er forsinka i høve opprinneleg plan, og tala som ligg i budsjettet er eit grovt og førebels anslag.

25. Hjeltefjorden symjehall

Prosjektet med bygging av symjehall og uteområde starta i september 2018. Kontraktfesta sluttdato er 31.03.2020. Det er budsjettet med kr 15 mill i 2020 for å slutføra anlegget.

26. Uteområde Hjeltefjorden Arena

Prosjektet med bygging av symjehall og uteområde starta i september 2018. Kontraktfesta sluttdato er 31.03.2020. Det er budsjettet med kr 5 mill i 2020 for å slutføra anlegget.

27. Gymsal Rong skule

Kommunestyret i gamle Øygarden kommune har vedteke rammer og plassering for ny gymsal. Total ramme er kr 31,25 mill der sluttøyvinga på kr 3 mill ligg inne i 2020.

28. Omsorgsbustader funksjonshemma Nord

Gamle Øygarden kommune har vedteke bygging av omsorgsbustader for funksjonshemma. Framdrifta er uklart grunna negativ attendemelding frå Husbanken og evt. tomtebytte. Det er budsjettet med kr 4 mill i 2020.

29. Parkeringsplass FV 561 – Kjøpmannsvågen

Tiltaket gjeld opparbeiding av parkeringsplass i tilknytning til Kjøpmannsvågen, og ligg inne med sluttøyving i 2020 på kr 2,5 mill.

30. Hjeltefjorden sjøfront – Molo

Det er gjort vurderingar i 2018 parallelt med handsaming av sentrumsplanen. Det er budsjettet med kr 10 mill i 2020. Kostnadane er grovt estimert for oppbygging av molo med stein som er fritt levert. Eventuelt andre løysingar vil ha ei anna kostnadsramme.

31. Veg Blomvåg vest – vegutviding


Prosjektet er delt mellom VA og veg. Dette gjeld vegprosjektet vest mot Flåten. Det er pågåande prosess med grunnavtalar for tiltaket. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna, og er basert på eit grovt anslag. Tiltaket er omtalt i trafikksekringsplanen til gamle Øygarden kommune og er fordelt med kr 10 mill i 2021 og kr 10 mill i 2022.

32. Gravplass Blomvåg

Regelverket for gravplassar har gjort det mogleg å gravlegge i to høgder ved Blomvog gravplass. Dette fordrar at gravplassen blir omgjort på den delen av «den nye gravplassen» som ikkje er teke i bruk. Dette er vesentleg rimelegare og raskare å gjennomføre enn utviding av arealet. Tiltaket må planleggjast og er starta opp i 2019. Sluttøyving gi 2020 på kr 2 mill.

16 Tenesteområda

Diagrammet under viser korleis utgiftene til drift (nettoutgift) er fordelt. Det er naturleg nok kommunalsjefområda for Oppvekst (37 %) og Helse og velferd (31 %) som krev mest ressursar. I omstillingsprogrammet er det Oppvekst som må ta dei største nedtrekka. Dette både ut frå storleiken på budsjettet og utviklinga i demografi jfr. kap. 10.



Fellestiltak

Tiltak nr 1 reduksjon inventar

		2020	2021	2022	2023
Reduksjon inventar		-7 000	-7 000	-7 000	-7 000

Skildring av tiltak:

Budsjettet for 2020 vert redusert med kr 7 mill når det gjeld inventar for heile kommunen i høve nivå i 2019.

Konsekvens av tiltak:

Det vert mindre innkjøp av inventar og utstyr i økonomiplanperioden.

Tiltak nr 2 reduksjon opplæring

		2020	2021	2022	2023
Reduksjon opplæring		-8 000	-8 000	-8 000	-8 000

Skildring av tiltak:

Opplæringsbudsjettet for 2020 vert redusert frå kr 13 mill til kr 5 mill for heile kommunen. I åra som kjem er det viktig å prioritera opplæring knytt til digitalisering og effektivisering i kommunen.

Konsekvens av tiltak:

Eigne tilsette vert i større grad nytta til kompetanseheving, opplæring og kursverksemd. Dette kan bidra til meir målretta opplæring og deltaking på meir sporadiske kurs.

Tiltak nr 3 reduksjon vikarutgifter

		2020	2021	2022	2023
Reduksjon vikarutgifter		-9 000	-9 000	-9 000	-9 000

Skildring av tiltak:

Vikarutgiftene vert redusert med kr 9 mill for heile kommunen.

Konsekvens av tiltak:

I budsjett 2020 er det berre budsjettert med vikarmiddlar på dei tenestane der det er heilt naudsynt å ta inn vikar ved fråvær, dette gjeld skular, barnehagar, reinhald, heimetenesta, sjukeheim og ulike bufellesskap.

Kommunalsjefområde Organisasjon og digitalisering

Netto utgift	B-2020
Sum utgifter	370 338
Sum inntekter	21 519
Netto	348 819

Alle tal i heile tusen kr


I Organisasjon og digitalisering ligg tilskot til private barnehagar med kr 198,3 mill.

Ansvar	Årsverk
Kommunalsjef	1
Tryggleik	13
Utvikling	21
Drift	29
Service	29
Sum	93

Om kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering er eit stabsområde som består av einingane Drift, Utvikling, Service og Tryggleik. Kommunalsjefområdet Organisasjon og digitalisering har 93 årsverk.

Nøkkeltal (Kostra)



Fjell kommune brukte kr 2 944 per innbyggjar til administrasjon i 2018. Sund kommune brukte kr 4 510 per innbyggjar, mens gamle Øygarden brukte kr 7 222.

Status og utfordringar

Kommunalsjefsområdet Organisasjon og digitalisering har ansvar for dei administrative stabs- og støttefunksjonane på vegne av heile kommunen og har ein viktig funksjon knytt til å sikra heilskapleg praksis, samhandling, utvikling og rutinar og prosedyrar i heile organisasjonen. Kommunalsjefsområdet yter også tenester direkte til innbyggjarane, frivillig sektor og næringsliv, til dømes gjennom kommunikasjon, dokumententer, samfunnstryggleik og beredskap, innbyggjartorg, medverknad og samskaping av kommunale tenester, demokratiske prosessar og samfunnsutvikling m.m.

Stabsavdeling Drift

Stabs- og støttenestene innafor personal, arkiv/dokumententer og IKT skal ha ei sentral rolle med å leggja til rette for at organisasjonen kan utøva sine oppgåver på ein effektiv og smart måte, gjennom utvikling av enklare arbeidsprosessar og drift av fellesoppgåver, samt gjennom støtte til linje-organisasjonen. Stabsavdelinga skal sikra trygg og forsvarleg drift, og løysa oppgåvene rettidiig med høg kvalitet. Stabsavdelinga har eit overordna ansvar for å utarbeida og etablera gode og heilskaplege arbeidsrutinar og prosedyrar for å sikra effektiv forvaltning.

Stabsavdeling Service

Stabs- og støttenestene skal leggja til rette for at dei folkevalde kan driva god politisk styring. Dette skjer mellom anna gjennom utarbeiding av gode politiske beslutningsgrunnlag, politisk service og faselitering digitalt. Ansvar for oppgåver som informasjon/ kommunikasjon, saksbehandling og ulike forvaltningsoppgåver.

Stabsavdelinga Service skal gje god service og brukarstøtte på fag- og systemnivå internt i organisasjonen på alle nivå gjennom tilsett-service.

Det skal etablerast innbyggjartorg i kommunesenteret og i kommunedelsentra som skal samlokalisert med biblioteka. Her skal innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringslivet møta kommunen på ei arena der dei finn informasjon om kommunale tenester og aktuelle saker i lokalsamfunnet. Det skal ystast service, rettleiing og rådgjeving til å finne fram til aktuelle tenestetilbod. Vidare skal det leggjast til rette for innbyggjarinvolvering gjennom dialog, involvering og samskaping om utvikling av tenestetilbod og lokalsamfunn. Stabsavdelinga har eit overordna ansvar for å etablera strategiar, handlingsplaner og felles system. Brukaren skal settast i sentrum og vi skal skapa smarte og effektive framtidsløyser som forbetrar brukaropplevinga.

Stabsavdeling Tryggleik

Det er oppretta ei nye tryggleiksavdeling som skal leggja til rette for at alle tilsette skal få lik forståing og medvite for kommunen sine styringssystem som internkontroll og ta ansvar for dette innanfor sitt område. Gjennom etablering av fagområde HMS, Internkontroll, beredskap, informasjonstryggleik og personvern kan ein sikre tverrfagleg tenking på alle desse områda til beste for dei tilsette og innbyggjarane.

Stabs- og støttetenestene vil leggja til rette for at rådmannen får sikra ei god administrativ styring. Dette skjer mellom anna gjennom å utarbeida heilskapelege og koordinerte administrative beslutningsgrunnlag gjennom bruk av eit nytt kvalitetssystem, fokus på GDPR, samt gjennom gode digitale prosjekt- og prosessverktøy. Ein skal arbeide heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap, oppdatera beredskapsplanverk i tråd med kommune-ROS, planlegging og tilrettelegging av opplæring og øving for kommunal kriseleiing.

Stabsavdeling Utvikling

Stabsavdeling Utvikling skal arbeida med å utforma ein verksemdsplan og vere ein aktiv bidragsytar i å byggja og vidareutvikla ein samskapande, framtidsretta og berekraftig organisasjonskultur. Det skal utarbeidast ein IKT handlingsplan og prosjektportefølje som skal sikra god verksemdsutvikling- og styring med å leggja til rette for meir effektive verktøy, arbeidsprosessar og tenester. Eininga har som mål å driva forskings- og nettverksbasert utvikling og delta i regionale og nasjonale samarbeid og nettverk. Utvikling har som målsetting å sikra god opplæring, innovasjonsevne og kulturbygging.

Digitalisering, automatisering og tenesteutvikling skal bidra til å oppfylle kommunen sine krav og ambisjonar om å fornya, forenkla og betra offentleg sektor, samstundes som innbyggjarar og næringsliv har forventingar om ein enklare kvardag.

Det skal utarbeidast ein overordna kompetanseplan og kompetansekartlegging i organisasjonen som sikrar retning og styring av opplæring, kompetanseutvikling og byggja ein innovativ organisasjonskultur. Utvikling skal planleggja og fasilitera workshops, seminar, konferansar, sosiale nettverkssamlinga. Det skal utviklast ein ny leiarkultur der relasjonelt leiarskap, endringsleiing, innovasjon og samhandling på tvers skal stå i fokus.

Utvikling skal og ha ein utadretta rolle som skal koordinera og forvalta oversikt over nettverk, økosystem og at nye samarbeidsnettverk vert knytta, vedlikehaldast, og implementerast i organisasjonen. Det skal utarbeidast ein verksemdsplan som tar utgangspunkt i Intensjonsavtalen, nasjonale føringar, samt FN sine berekraftmål. Brukarfokus, kvalitet i tenestene, ny arbeidskultur, forskingsbasert leiarskap, innovasjon, effektivisering og gevinstrealisering skal byggjast inn i planverket. Det vert særskild viktig å koble arbeidet opp mot samfunnsplanen og bistå organisasjonen med søknadar om eksterne midlar.

Prioriteringar i perioden

- Sikra harmonisering av administrative prosessar, rutinar og reglement, samt laga oversikt over prosjektportefølje, og sikra felles digitale verktøy og løysingar. Oppnå stordriftsfordelar og berekraft, samt å samla og skapa robuste fagmiljø med betre moglegheiter for å rekruttera og behalde arbeidskraft med høg kompetanse.
- Det skal fokuserast på å auka spesialistkompetanse og analyse- og utredningskompetanse som vil vera naudsynte for å kunna handtere strengare krav til styringsinformasjon. Auka digitalisering av administrative prosessar stiller krav til ny kompetanse, og skal bidra til betre kvalitet og optimalisering av ressursbruk.
- Det skal utarbeidast ein verksemdsplan med delplanar for blant anna digitalisering, innovasjon, tryggleik, forskning, leiarutvikling og kompetanse (kompetansekartlegging og plan er peika på i Intensjonsavtalen) - verksemdsplanen skal leggja til rette for å effektivisera arbeidsprosesser, etablere nye måtar å arbeida på og ha fokus på brukaren. Planen skal og omsetta FN sine berekraftmål inn i lokal handling og praksis. Berekraftmåla må bli integrert i all leiing, planlegging og styring.

- Utvikla, etablera og setja i verk eit program for leiarar som skal bidra til utvikling av felles kultur, leiing og innovasjon i kommunen. Det skal leggjast til rette for at innovasjon kan finna stad i heile organisasjonen. Dette inneber mellom anna å byggja innovasjons- og endringskompetanse hos medarbeidarar og leiarar, implementera og gje opplæring i felles verktøy og metodar for innovasjon.
- Etablera og utvikla eit kompetansesenter for berekraftig utvikling og innovasjon. Senteret skal leggja til rette for systematisk opplæring, evaluering, deling og spreiding av innovasjonsaktivitetar for å sikra erfarings læring, endringskompetanse, samskaping og gevinstrealisering.
- Sikra smarte fag- og verksemdsstyrande digitale system og rutinar for heile organisasjonen, og sikra at det vert innovasjon, effektivisering og gevinstrealisering i alle arbeidsprosessar i kommunen som vil frigjera personressursar til tenesteproduksjon.
- Arbeida med samfunnstryggleik og beredskap, oppdatera beredskapsplanverk i tråd med kommune-ROS, planlegging og tilrettelegging av opplæring og øving for kommunal kriseleiing. Etablera gode rutinar for å oppfylle krav for handtering av personvern i heile organisasjonen.
- Etablera eit team for nettverk, samarbeid og forskning, som skal ha oversikt på tvers av tenesteområda. Dette teamet skal kunna koordinera og etablera samarbeid med universitets- og høgskulemiljø med tilgjengeleg vitskapeleg forskingskompetanse, samt kopla seg på satsingar knytt til t.d. Smartby-konseptet, FN sine berekraftsmål, økosystem knytt til digitalisering og tenestedesign-metodikkar.
- Sikra ein god og samskapande innbyggjar- og brukardialog i heile kommunen, t.d. gjennom å byggja opp innbyggjartorg etter ei-dør-inn-prinsipp og nærteneprinsippet, m.m. Det skal leggjast til rette for at innbyggjarar får relevant informasjon slik at dei kan vere seg medviten ei berekraftig utvikling og ta val og handle i tråd med dette.

Satsingsområde

Stabsavdeling Drift

- Utviding av dokumentsender/arkiv – skanne inn gamalt arkiv i Sund og Fjell for å få eit heilelektronisk arkiv.
- Utviding av Microsoft Lisensar til tilsette i Fjell kommune for å styrkja samhandling på tvers
- Innføra elektronisk arbeidstidsføring for alle administrative tilsette
- Innføra heildigitale rekrutteringsprosessar

Stabsavdeling Service

- Etablera Innbyggjartorg i kommunesenteret og i kommunedelsentra, samlokalisert med biblioteka der alle publikumsretta tenester er tilstade.
- Etablera tilsettservice (brukarstøtte) innafor alle interne administrative tenester
- Styrkja Digital innbyggjardialog og sjølvbetening

Stabsavdeling Tryggleik

- Utvikle og innføra eit nytt overordna kvalitetssystem i samarbeid med alle einingar og tenester der ein samlar og vedlikehalde styrande dokument, rutinar og prosedyrar i kommunen.

Stabsavdeling Utvikling

- Etablera og utvikla eit Senter for berekraftig utvikling og innovasjon (SBUI) som er ein stad for inspirasjon, kunnskap, innovasjon, utvikling og opplæring. Det skal lagast eit inspirasjonsrom (Innolab) som vil vera eit knutepunkt for idéarbeid innafor innovasjon og digitalisering. Innovasjonslaben koplar alle med gode idéar og forslag til forbetringar saman med dei som kan

setja tankane ut i live. Senteret skal fungera som samlingsstad for eit innovatørnettverk som inkluderer tilsette, innbyggjarar, næringsliv og akademia som har eit brennande engasjement for regionen og kommunen sin. Innovatørnettverket vil fungera som eit sparringsnettverk for idémyldring, vidareforedling og utvikling av tenestene.

- Etablera og utvikla ei avdeling for Kompetanseutvikling
- Etablera og utvikla ei avdeling for Samskaping og digitalisering
- Oppbygging av team for strategi, nettverk, samarbeid, Fou og innovasjon

1. Senter for berekraftig utvikling og innolab

Lokalisering: Underetasje rådhus og Kultursal

Innhald: Informasjonsdesk, innolab, kurslokale, skjermar, kontorlandskap, bibliotek, rom for digital leikekasse m.m.

- Etablera og utvikla eit Senter for berekraftig utvikling og innovasjon (SBUI).
- SBUI er ein stad for opplæring, innovasjon og inspirasjon som skal sikra berekraftig utvikling og kompetanseheving av tilsette i Øygarden kommune.
- Metodikken tenestedesign skal ha ei hovudrolle i utviklinga av den nye innovative organisasjonskulturen, og er materialisert gjennom ein innolab (innovasjonslaboratorium) som vert plassert fysisk i senteret. Innolaben vert eit knutepunkt for idéarbeid i kommunen om innovasjon og digitalisering på alle område. Målet er å skapa ein enklare veg for gode idéar og forslag til forbetringar inn til kommunen. Innovasjonslaben koplar alle med gode idéar om korleis kommunen kan utvikla seg med dei som kan setja tankane ut i live. Innolab skal driva fram arbeidet med innovasjon der målet med laboratoriet er å bistå med tilgang på tilgjengeleg infrastruktur, og bidra til samhandling på tvers av sektorane i kommunen.
- Senteret i seg sjølv, skal medverka til at det vert skapt ein organisasjonskultur kring digitalisering, samskaping og innovasjon i kommunen. Det nye senteret skal også vera ein samarbeidspartner for eksterne aktørar og leverandørar som har konkrete idear til digitaliseringsprosjekt i kommunen. På denne måten kryssar utviklingseininga grensa i frå å berre vera ein stabsteneste, til og å vera ein del av eit større økosystem lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt.
- Senteret skal fungera som samlingsstad for eit innovatørnettverk
Innolab vil vera det naturlige samlingsstaden for medlemar av eit innovatørnettverk. Dette nettverket fokuserer særskilt på digitalisering og innovasjon, og inkluderer tilsette, innbyggjarar, næringsliv og akademia som har eit brennande engasjement for regionen og kommunen sin. Innovasjonslaben kan kopla ein ide med de rette fagfolka. Næringslivet, akademia, offentlege etatar, frivillige lag og organisasjonar, eigne tilsette og innbyggjarar kan utfordra oss på korleis kommunen løyser oppgåvene sine – og korleis vi kan gjera dei betre. Eit innovatørnettverk kan fungera som eit sparringsnettverk for dei med gode idéar, og ønskjer hjelp til å vidareforedla idéen. På denne måten kan ein samla og utvikla kommunen si innovasjonsevne.

2. Oppbygging av Avdeling for Kompetanseutvikling (6 personressursar):

- Lokalisering: Kontorlandsskap i 2. etg, norde fløy Rådhus/SBUI
- Sjå elles innhald i punkt om Kompetanseutvikling

3. Oppbygging av Avdeling for Samskaping og digitalisering (11 personaressursar)

- Lokalisering: Kontorlandsskap i 2. etg, norde fløy Rådhus/SBUI
- Sjå elles innhald i punkt om Samskaping og digitalisering

4. Oppbygging av Team for strategi, nettverk, samarbeid, Fou og innovasjon (3 personalressursar)

- Lokalisering: Kontorlandsskap i 2. etg, norde fløy Rådhus/SBUI
- Sjå elles innhald i punkt om Team for strategi, nettverk, samarbeid, Fou og innovasjon

Tiltak for å nå budsjettbalanse**Tiltak nr 1 reduksjon årsverk**

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	-5	-1 000	-4 000	-4 000	-4 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon i tal årsverk innafor dei administrative stabs- og støttefunksjonane.

Konsekvens av tiltak:

Ein vil i dei komande åra fokusera på å effektivisera manuelle arbeidsprosessar innafor drift og service og ta i bruk nye verktøy og auka kompetansen til dei tilsette. Dersom ein lukkast med digitaliseringsarbeidet vil ein kunna henta ut vinstar som ein kan investera i andre teneste.

Tiltak nr 2 reduksjon tillitsvalde

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Tillitsvalde	-2	-1 230	-1 230	-1 230	-1 230

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

I samband med kommunesamanslåinga fekk organisasjonane større frikjøp til å utføre verva sine. Tal på tillitsvalde/verneombod kan no reduserast ihht avtaleverk og at prosjektperioden avsluttast for Nye Øygarden kommune

Konsekvens av tiltak:

Øygarden kommune sikrar medverknad i tråd med avtaleverk.

Tiltak nr 3 reduksjon lærlingar

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Lærlingar	-20%	-925	-1850	-1 850	-1 850

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Harmonisering av tal lærlingar med innafor dei ulike kommunalsjefområda. Ein vil kunne starta arbeidet med å ta ned tal årsverk frå hausten 2020.

Konsekvens av tiltak:

Ein reduksjon vil føra til reduserte kostnader, samstundes som at færre lærlingar får fagbrev i kommunen. Kommunen vil mista verdifull hjelp, men i arbeidet med kommunesamanslåinga er det krevjande å følgja opp lærlingane på ein tilfredstillande måte, då ein treng tid å sikra drifta i ein overgangsfase.

Tiltak nr 4 diverse reduksjon driftsutgifter

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter		-2 840	-2 840	-2 840	-2 840

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Redusera driftskostnader med til saman kr 2 840 000 fordelt på ulike stabsavdelingar i kommunalsjefområdet.

Skildring av konsekvens:

Redusera kjøp av varer og tenester.

Kommunalsjefområde Økonomi


Netto utgift	B-2020
Sum utgifter	37 554
Sum inntekter	7 233
Netto	30 321

Alle tal i heile tusen kr

Ansvar	Årsverk
Kommunalsjef	1
Kemner	4
Økonomistyring	23
Innkjøp og investering	7
Sum	35

Om kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Økonomi har tre stabsavdelingar. Dette er Innkjøp og investering, Kemner og Økonomistyring. Kommunalsjefområde Økonomi har ansvar for budsjett/ økonomiplan, rekneskap, analyse, finansforvaltning, eigedomsskatt, fakturering, løn, innkjøp og investering og kemner.

Nøkkeltal (Kostra)

Fjell kommune brukte kr 2 944 per innbyggjar til administrasjon i 2018. Sund kommune brukte kr 4 510 per innbyggjar, mens Øygarden brukte kr 7 222.

Status og utfordringar

Hovudutfordringa fram til 2023 vil vera å nytta ressursane meir effektivt, og møta framtidige behov hos interne og eksterne brukarar. Det er mye arbeid med innføring av nye system innan løn og rekneskap, utarbeiding av rutinar, vedtekter og reglement for ny kommune mm.

I statsbudsjettet for 2020, har regjeringa gjort framlegg om at alle kommunale skatteoppkrevjarkontor skal bli overført til staten. Kontora er planlagt overført til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Denne prosessen må sørgja for at dei tilsette blir ivareteke og at overføringa er forsvarleg. Kommunen er trekt meir i rammetilskotet enn kostnadane for kemnerkontoret per år.

Innanfor stabsavdeling Innkjøp og investering er det mange pågåande investeringsprosjekt skal slutførast i 2020. Det er og mange avtaler som må på anbod. I tillegg er dette ei heilt ny avdeling som må byggjast opp frå grunnen og kor mange rutinar må på plass.

Prioriteringar i perioden

- Kommunalsjefområde Økonomi skal bidra til god økonomistyring og effektiv bruk av kommunen sine ressursar
- Kommunalsjefområde Økonomi skal ha effektive arbeidsprosessar og utstrakt bruk av digitale løysingar
- Stabsavdeling Innkjøp og investering skal ut på anbod med mange avtalar og må prioritera å byggja opp ei avtaleoversikt
- Analysera fordelene/ ulempa ved eigeninkasso av kommunale krav
- Utarbeiding av nye rutinar, vedtekter og reglement (til dømes økonomireglement, finansreglement)
- Avvikling av Fjell kommunale pensjonskasse og etablering av ny pensjonsleverandør

Satsingsområde

- Innføring av digitale løysingar innan økonomi som til dømes distribusjonskanal for utgåande faktura, innsynsløysingar
- Controllerverksemd/ oppfølging «hands-on»
- Anskaffing av BI-løysing (leiarssystem)
- Vidareutvikling av styringssystemer og dokument

Tiltak for å nå budsjettbalanse

Tiltak nr 1 reduksjon årsverk

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	-3	-800	-2 400	-2 400	-2 400

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon i tal årsverk innanfor innkjøp og investering og økonomistyring.

Konsekvens av tiltak:

Gjennom å digitalisera økonomifunksjonen samtidig med å etablera nye og meir effektive rutinar og verktøy kan talet på årsverk reduserast. Det vil vera fokus på henta ut vinstar av effektiviseringstiltaka. Dersom reduksjonen av tal årsverk skjer før dette er etablert kan det påverka kvalitet og kontroll på økonomiområdet.

Tiltak nr 2 Reduksjon juridisk bistand eigedomsskatt

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon jur. bistand		-118	-118	-118	-118

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon av budsjettposten for juridisk bistand knytt til eigedomsskatt.

Konsekvens av tiltak:

Dersom det kjem ei rettssak innanfor feltet, vil det krevje meir ressursar enn budsjettert.

Kommunalsjefområde Oppvekst

Netto utgift	B-2020
Sum utgifter	1 040 445
Sum inntekter	167 619
Netto	872 826


Alle tal i heile tusen kr

Ansvar	Årsverk
Kommunalsjef	53
Barnehagar	318
Skular	709
Barnevern	58
Andre ansvar	108
Sum	1 246


Om kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Oppvekst består av barnehage, grunnskole, voksenopplæring, BUFT (barn, unge og familietenester), PPT (pedagogisk- psykologisk teneste) og barnevern. Kommunalsjefområde Oppvekst har 1246 årsverk fordelt på 43 einingar. Kommunen har 17 kommunale barnehagar, 18 private barnehagar og 17 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular. Det er 1 privat barne- og ungdomskule i kommunen. Det er 10 029 (per 20.08. 2019) barn i alderen 0–18 år i Øygarden kommune.


Nøkkeltal (Kostra)




Netto driftsutgifter til grunnskule viser at gamle Øygarden kommune bruker meir ressursar her enn Fjell og Sund. Alle kommunane ligg over Askøy. Indikatoren viser berre utgifter brukt til undervisning, ikkje undervisningsbygg og skuleskyss.




Netto driftsutgifter til barnehage viser at gamle Øygarden kommune har høgare netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år enn Fjell og Sund. Sund kommune og Fjell kommune har også lågare utgifter enn Askøy og landsgjennomsnittet.



Gamle Øygarden kommune er den kommunen som har flest barn i aldersgruppa 1-5 år som går i barnehage, mens Fjell kommune har minst dekningsgrad.



Både Fjell, Sund og gamle Øygarden bruker mindre utgifter per innbyggjar 0-22 år til barneverntenesta enn Askøy og landsgjennomsnittet.



Når det gjeld helsesøsterårsverk per innbyggjarar 0-5 år der det Øygarden som har lågast bemanning. Både Fjell og Sund har høgare bemanning enn landsgjennomsnittet.

Status og utfordringar

Oppvekst skal saman med dei andre tenestene i Øygarden kommune sikre at innbyggjarane sine kommunale velferdstenester er bærekraftige. Saman skal vi sikre innbyggjarane gode levekår og likeverdige tenester. Øygarden har gode høve til å skape slike vilkår knytt til likeverdig oppvekst, læring, utvikling, inkludering og god, fysisk og psykisk helse for barn og unge.

I følgje undersøkinga Ungdata 2019 er det færre unge i Øygarden kommune som ser for seg ei høgare utdanning enn landssnittet og dei fleste trivst godt på skulen. Elevane er også nøgde med støtta dei får frå heimen i høve skulearbeidet. Ungdommane i kommunen er generelt sett nøgde med lokalsamfunnet sitt, og mange er med på tilbod som gjev dei ei organisert fritid. Føresette er i stor grad nøgde med skule- og barnehagetilbodet.

Psykisk helse og livsmeistring

I samsvar med den nasjonale situasjonen, har også Øygarden kommune utfordringar knytt til barn og unges psykiske helse (Ungdata 2019). Utfordringane våre er noko høgare enn nasjonalt snitt. Fleire unge opplever å stå utanfor sosialt fellesskap. Nokre av dei unge i delar av den nye kommunen, er lite med i organisert fritid. Fleire nyttar mykje tid ved pc på fritida. Samstundes melder fleire av våre unge at dei har ein fortruleg ven. Dei er i snitt nøgde med heimane sine, og opplever gjennomsnittleg gode økonomiske ressursar i heimen, men skilnadane kan vere store. Same undersøkinga fortel at mobbeproblematikken er mindre i den nye kommunen enn elles i landet. Trygg i Fjell har vore ein kunnskapsbasert, involverande og strukturert metode å arbeide mot mobbing på. Dette arbeidet skal vidareutviklast i den nye kommunen.

I intensjonsavtalen er det lagt opp til at Øygarden skal vidareføra MOT-arbeidet som har stått sterkt i regionen. Skuleprogrammet for 8.-10. klasse er grunnpilaren i MOT-arbeidet, der det er månadleg

klasseundervisning knytt til MOT. Andre viktige tiltak for å skapa varmare og tryggare lokalsamfunn med MOT er foreldre- og elevmøte, konsertar og natt-cupar. Kvar ungdomsskule har sitt særpreg knytt til MOT-arbeidet, t.d. er har fleire ungdomsskular MOT-økt (morgontrening) og det er Ungdomsklubb med MOT. I den nye kommunen vil det vera viktig å vidareføra desse lokale variasjonane i MOT-arbeidet som fungerer godt og skapar gode oppvekstvilkår i nærmiljøet.

I samband med kommunesamanslåinga har det vore arrangert felles MOT-fest i Vest i Sotra Arena. Dette har skapt fellesskap mellom ungdommane på tvers av skular og kommunegrenser, og bør satsast på vidare som eit tiltak for felles identitet og kultur, jf. tiltak under kommunalsjefområde Kultur og samfunn.

Det er relativt store ulikskapar i data ein finn innom Øygarden kommune. Dette dreiar seg til dømes om ulikskapar mellom geografiske område og skular når det gjeld trivsel med skulemiljø. Det er og store ulikskapar i resultat mellom klassar. Kommunen må difor arbeide særskilt med å harmonisere tenestene, for å skape eit likeverdig tilbod for innbyggjarar, uavhengig av bustad og sosioøkonomiske og kulturelle tilhøve.

Skule og barnehage vil våren 2020 vera drifta om lag på same måte som hausten 2019 for å sikre stabilitet i skule- barnehageåret. Målet er å sikre ein likeverdig ressursituasjon for alle einingane.

Vaksenopplæring

Innvandrarar og flyktningar kan oppleve utfordringar ved overgang til vidaregåande skule og ved overgang til arbeid eller vidare studiar. Dette gjeld særleg innbyggjarar med lite skulebakgrunn, som på få år skal tileigne seg kunnskap tilsvarande eit 10-årig skuleløp. Vaksenopplæringa si organisering inn mot kraftsenteret for flyktningar og det tverrkommunale arbeidet her, viser seg å heve språkkunnskapane og heve sjansen til å kunne forstå og bli inkludert i det norske samfunnet.

Prioriteringar i perioden

Vidare følgjer kva oppdrag tenestemrådet vil prioritere i perioden for å møte utfordringar, følgje opp strategiar og nå mål.

Harmonisering

Harmonisering av tenestetilbodet (tenestestandard, dekningsgrader, gebyr og brukarbetalingar) er ein viktig del av kommunesamanslåinga, og eit vilkår for at Øygarden kommune kan tilby gode og likeverdige tenester til innbyggjarane uavhengig av kor ein bur. Arbeidet med harmonisering vil måtte skje over fleire år. Harmonisering av tenester må sjåast i samanheng med kommuneplan og temaplanar som i hovudsak vil bli utarbeidd etter 2020. I praksis tyder dette at dagens tenestetilbod, ordningar og inngåtte avtalar vert vidareførte i ein overgangsfase.

Tidleg innsats- førebygging er lønsamt

Tidleg innsats og førebygging, samt heilskaplege og innbyggartilpassa tenester, er avgjerande for at kommunen sine innbyggjarar skal få tenester som gjev grunnlag for livsmestring. Ei kunnskapsbasert tilnærming med høg kvalitet i det allmenne tilbodet, har god effekt. Difor vil hovudstrategien i tenestemrådet vere å styrke det universelle arbeidet, og gje eit best mogleg tilbod for alle - til rett tid. Samstundes skal kommunen ha god nok kapasitet og samskapingskompetanse for dei innbyggjarane eller dei situasjonane der det allmenne tilbodet ikkje er tilstrekkeleg.

Utvikling av kommunen sitt kvalitetssystem vil sikre gode systemrammer. Digitale løysingar er vesentleg for utvikling i dei fleste av tenestene. Også for tenester som ein tidlegare har tenkt må vere analoge, har forskning i dag vist at ein med fordel kan ha nytte av å digitalisere heilt eller delvis. Varm teknologi, det vil seie teknologi som lagar fellesskap, avklaringar mellom folk, og som kan sikre framdrift i oppgåver mellom møter mellom fagfolk og innbyggjarar, kjem til å vere viktig for utvikling av tenester i Oppvekst.

Når det gjeld barnevernet og helsetenester for barn og unge, har kommunane fått stadig større og meir omfattande ansvar overført frå statlege og regionale mynde. Dette stiller store krav til tenesteutvikling, organisering og kompetanseutvikling. Å skape gode fagmiljø på tvers av ulike roller,

oppgåver og fysiske omgjevnader, gjev særleg ansvar til leiing knytt til å ha system for gode felles møteplassar for læring og utvikling. Barnevern og Barn, unge og familietenester (BUFT) saman med PPT, skular, barnehagar og andre fagfelt i andre kommunalsjefsområde, må saman sikre tverrfagleg velferd og koordinering, og samstundes opplevast nær innbyggjaren, samt ha aktive møteplassar og samarbeid ute på einingar og i kommunedelsentra.

Innbyggjarperspektiv- skreddarsaum og stadig utvikling

Innbyggjaren si stemme og «ei dør inn» er andre viktige prinsipp for den velferdsutviklinga som Øygarden kommune vil bygge på. Dei førebyggjande helse- og velferdstenestene skal vidareutviklast. Oppvekst skal nytte aksjonsforskning som grunnlag for å stadig forbetre eigen praksis. Slik kan innbyggjaren oppleve å få velferdstenester som gjev meir sjølvstyrke og meistring i kvardagen.

Samarbeid- Samskaping- Kreativitet- Problemløysing- Kommunikasjon- Karakterbygging

Desse seks tema er vesentlege når vi skal utdanne for framtida (OECD- 21th Century skills). Denne forskinga heng nære saman med FN sine berekraftsmål. Aukande ulikskap i sosiale, kulturelle og økonomiske forhold kan utfordre demokratiet og føre til at færre deltar aktivt i samfunnet. Øygarden kommune skal legge til rette for inkludering, slik at innbyggjarane opplever tilhøyrse og tek medansvar. Oppvekst har eit viktig oppdrag i dette arbeidet. Barnehagar og skular er viktige arenaer for demokratiopplæringa og for å motivere til samfunnsengasjement. Barnehage og skule er sentrale samarbeidspartnarar med lokale lag, foreiningar og organisasjonsliv, og saman gjev dette nærmiljøutvikling og lokal samfunnsutvikling. Barn og unge lærer best problemløysing og kreativitet når dei får øvd seg på reelle problem. Det gjev mening for elevane å vere til nytte. Også for familiar og lokalmiljø har det verdi å oppleve at barn og unge kan vere med å utvikle samfunnet på gode måtar. Å leggje til rette for at barn og unge opplever at dei er viktige individuelle, positive aktørar, både heime, i kvardagen, i lokalmiljøet og globalt, er vesentleg for både evna og lysta unge har til å vere med å bidra/ ikkje berre ta i mot. Dette kan vere den viktigaste opplæringa vi kan gi barn og unge, når vi ynskjer ansvarlege og kunnskapsrike innbyggjarar framover.

Bemanningsnorm

Å setje bemanningsnorm er styringsgrep som er gjort nasjonalt, der intensjonen er å støtte kvalitet både i skule og barnehagar. Dette gjev dei nedre rammene for forsvarleg ressursbruk i svært mange av Oppvekst sine einingar. Samstundes kan dette utfordre ressursar til dei tenestene som ikkje har slik lovpålagde normer.

Kompetanse og tenesteinnovasjon

Oppvekstfeltet er for tida i mange omleggingar knytt til kompetanse, til dømes er kompetansekravet til undervisningsstillingar i grunnskulen ei lovendring med attendeverkande kraft, som gjer at Øygarden må sikre oversikt og plan for at tilsette har nødvendig kompetanse.

Øygarden kommune skal arbeide for å ha rett kompetanse til ei kvar tid. Kommunen må sikre at alle profesjonane i Oppvekst kjenner kvarandre sine kompetansar, for å få ei brei og heilskapleg forståing av kommunalsjefsområdet.

Kapasitet i barnehagar og skular

Øygarden kommune skal sikre nok barnehage- og skuleplassar, og dette krev langsiktig planlegging. Talet på barn i barnehagealder er heller stabilt og berre svakt aukande dei neste åra. Totalt sett har Øygarden kommune per no nok skuleplassar, men utgiftene er ulike, og kvalitetane på bygga kan vere svært ulike. I nokre område i den nye kommunen er det for stor kapasitet og i andre område for liten. Fordi klasseromma ved dei ulike skulane har ulik storleik, er det ulikt behov for lærarressursar. Små klasserom utløyser raskare nye klassar. For å skape ein betre utnytta skulekapasitet, må dette sjåast på i samanheng med regulering av inntak gjennom kringsgrenser. Det er også viktig å ta godt vare på bygga, slik at talet på skule- og barnehageplassar kan haldast oppe.

Satsingsområde

Bemanningsnorm barnehage

Regjeringa innførte bemanningsnorm for barnehagane i 2018. Det lovpålagte normtalet er budsjettet inn i heile den nye kommunen.

Oppvekstadministrativt system (Oas)

Målet er å få kjøpt inn oppvekstadministrativ system hausten 2020 og ferdig implementert til skule- og barnehagestart 2021-22.

Krisesenterløysing

Øygarden og Sund har kjøpt denne tenesta frå Bergen kommune som driv sitt krisesenter saman med omeignskommunar. Fjell har drive krisesenter tenesta sjølve dei siste åra. Det må vurderast om kommunen skal drive eige krisesenter vidare/ seie opp avtalene med Bergen kommune eller om kommunen skal å inngå ny avtale med Bergen kommune. Dette er i så fall eit samarbeid med andre kommunar. Kostnaden er stipulert til om lag kr 1,4 mill. og dette er lagt inn i budsjettet. Eiga sak om dette tema må til politisk handsaming snarast, då krisesentertilbodet må byggje på kommunestyrevedtak. Avtaletilbodet vi har fått, krev avklaring frå kommunen innan 01.01.2020, då andre kommunar ventar på plass i samarbeidet.

Barnevernsvaktløysing

I løpet av 2020 skal det undersøkjast og planleggjast for å få vidareutvikle barnevernsvaktordninga. Målet er å sikre at kommunen gjev eit godt 24/7- tilbod, som det er sett krav til i lovverket. I denne samanhengen kan ein også vurdere om det er mogleg å kunne tilby andre nærliggande kommunar ei barnevernsvakttjeneste.

Tiltak for å nå budsjettbalanse

Tiltak nr 1 reduksjon årsverk i høve barnehagenorm og harmonisering

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	-5	- 2 000	- 2 000	- 3 000	- 3 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon i stillingar i dei kommunale barnehagane sett i lys av bemanningsnorm og harmonisering.

Konsekvens av tiltak:

Dette fører og til eit lågare vaksenttelleik i ei kommunale barnehagane. Tilskott til dei private barnehagane heng saman med kostnader i dei kommunale barnehagane. Utrekningane av tilskott til private barnehager byggjer på den kommunale rekneskapen to år tidlegare. Konsekvensen for private barnehagar skjer først i 2022.

Tiltak nr 2 reduksjon årsverk skule og harmonisering

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	- 28	- 8 750	- 21 000	- 21 000	- 21 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Det vart innført ein lærarnorm i 2017. Intensjonen med lærarnorma er å sikre eit likeverdig ressursgrunnlag i skulen som kan gje grunnlag for ei inkluderande opplæring. Det er eit absolutt mål at alle skulane i Øygarden skal oppfylle krava til lærarnorma. Innsparingskravet er 28 stillingar som vert

fordelt på skulane og vaksenopplæringa (VO) etter ein analyse av ressursane på den einskilde skule. Tilhøve som vil bli vurdert er:

- Administrasjonsressurs, inkl merkantil ressurs
- Årsverk i høve lærarnorm
- Årsverk spesialundervisning
- Tilhøvet mellom lærarnorm og nivå spesialundervisning
- Omfang assistentar og fagarbeidarar
- Sosiodemografiske utfordringar
- Drift SFO i forhold til vedtekter om bemanning
- Effektivisering Vaksenopplæringa

Konsekvens av tiltak:

Større vanskar med differensiering og tilpassing som krev fleire tilsette. Ikkje høve til 1-1 med assistent. Vil gje metodiske og organisatoriske avgrensingar, då det blir mindre høve til å dele i grupper og ulike aktivitetar. Utfordringar knytt til tidleg innsats som krev tiltak oppå normaldrifta kan bli meir utfordrande. Mindre ressursar til elevar med store hjelpebehov.

Tiltak nr 3 reduksjon bemanning, heving av foreldre betaling SFO

	Tal årsverk	2020 kr	2021 kr	2022 kr	2023 kr
Reduksjon årsverk	-1	-1 500	-2 000	-2 000	-2 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Øygarden kommune brukar vesentleg meir ressursar i SFO enn Fjell og Sund. Ei harmonisering av tenestene med tilpassing av foreldrebetaling og reduksjon i bemanning på barneskulane i Øygarden.

Konsekvens av tiltak:

Auka foreldrebetaling i Øygarden. Meir effektiv drift.

Tiltak nr 4 Reduksjon kjøp av tenester Barnevern

		2020	2021	2022	2023
Reduksjon kostnader eksterne kjøp		-2 250	-3 000	-3 000	-3 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Redusere kjøp av eksterne rettleiingstenester gjennom å endre oppgåvefordeling og arbeidsmetode i barnevernstenesta.

Konsekvens av tiltak:

Tenestene vert handtert av kommunalt tilsette og kan bety bortfall av andre oppgåver gjennom effektivisering og prioritering.

Tiltak nr 5 reduksjon bemanning BUFT

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	- 1	-1 500	-2 000	-2 000	-2 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon av eit årsverk i eininga samt vikarutgifter.

Konsekvens av tiltak:

Tiltaket kan bety bortfall av oppgåver gjennom effektivisering og prioritering.

Tiltak nr 6 Polen/ Tysklandstur for 10. klassingar utgår

	2020	2021	2022	2023
Reduksjon kostnad	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

10. klasseset til Polen som ein del av skuletilbodet. Dette er ikkje eit lovpålagt tilbod, slik leirskulane er. Sund kommune sin modell, der føresette og elevar har klart å få til slike turar med dugnad og ved å gjere reisa i haustferiar, er den måten desse turane kan skje på framover, slik kommuneøkonomien vil vere dei neste åra. Fjell kommune og Øygarden kommune har i fleire år gjeve økonomisk bidrag til turen.

Konsekvens av tiltak:

Redusert innsats knytt til fredsbodskapen og historielæringa ungdommane får ved ein slik felles tur.

Tiltak nr 7 reduksjon bemanning PPT

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	-1	-350	- 800	- 800	- 800

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Reduksjon av 1 årsverk.

Konsekvens av tiltak:

Tiltaket kan bety bortfall av oppgåver gjennom effektivisering og prioritering.

Tiltak nr 8 reduksjon driftspostar alle einingar

	2020	2021	2022	2023
Driftspostar	- 1 000	- 1 000	- 1 000	- 1 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak:

Nedtrekk av ymse driftspostar i alle einingar.

Konsekvens av tiltak:

Mindre innkjøp av materiell og utstyr til aktivitetar.

Kommunalsjefområde Helse og velferd

Netto utgift	B-2020
Sum utgifter	886 573
Sum inntekter	168 204
Netto	718 369

Alle tal i heile tusen kr


Ansvar	Årsverk
Kommunalsjef	20
Heimeteneste	110
Institusjonar	261
Menneske med nedsett funksjonsevne	145
Rus og psykisk helse	85
Flyktning	12
NAV	30
Helse	105
Sum	769

Om kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av heimetenester, sjukeheim- og omsorgsbustader med heildøgns teneste, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, rus og psykisk helse, legetenester og legevakt, lokalmedisinsk senter, flyktningtenester, NAV og helse, meistring og rehabilitering.


Kommunalsjefområde Helse og velferd har omlag 768 årsverk fordelt på 19 einingar og koordineringssenter/stab.

Nøkkeltal (Kostra)




Korrigerte brutto driftsutgifter pr kommunal plass i institusjon ligg høgast i Fjell kommune. Askøy er den kommunen som har lågast utgifter per institusjonsplass. Indikatoren inneheld utgifter til både pleie og institusjonsbygg. Ved å ha fokus på at innbyggjarar skal bu lengst mogleg heime ved hjelp av velferdsteknologi vil vi halda utgiftene til pleie og omsorg nede. Dei høge driftsutgiftane i Fjell er i stor grad knytt opp til ressurskrevjande tenester og høg grad av medisinsk behandling. I tillegg er det låge inntekter då mange av plassane er nytta til avlasting som ikkje er betalingspliktig. Låg

institusjonsdekking bidrar også til at det er berre dei aller sjukaste pasientane får opphald ved institusjonen



I Fjell er det berre 6 % av innbyggjarane over 80 år som er bebuarar på sjukeheim, mens det i Sund og Øygarden er 17,4 % og 18,4 % som er bebuarar på sjukeheim. Landsgjennomsnittet er 12,1 %. Om ein reknar med omsorgsbustader med heildøgns omsorg i Fjell vil dekningsgraden vere vesentleg høgare



Netto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er lågast i Fjell kommune og høgast i Sund kommune. Alle kommunane ligg over landsgjennomsnittet.

Tabellen under viser sentrale nøkkeltal innan pleie og omsorgssektoren. Det er stor skilnad mellom kommunane og mellom kommunane og landet forøvreg.

Nøkkeltall	Enhet	Fjell	Øygarden	Sund	Landet
		2018	2018	2018	2018
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	191,4	377,6	243,8	311,6
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	prosent	21,6	25,8	21,5	31,9
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,5	0,67	0,54	0,57
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	34,3	41,5	34,3	31,6
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	6	18,4	17,4	12,1
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (demens)	prosent	0,76	0,95	0	0,67

Status og utfordringar

Eldreomsorg

Øygarden kommune skal syta for gode og forsvarlege helse- og velferdstenester. Kommunen står framfor ein endring i befolkningssamansettinga og vil i åra som kjem få mange fleire innbyggjarar i alderen 80+. Den demografiske endringa gjer at vi må arbeida målretta og systematisk med løysingar som kan møte denne utviklinga på ein god og berekraftig måte. Det vil vere behov for å dreie ressursinnsatsen mot meir førebyggjande tiltak som kan gje betre helse og livskvalitet for den einskilde.

Kommunen må leggja til rette for at innbyggjarane kan bu heime så lenge som mogleg. Det krev ein heilskapleg og tverrfagleg tilnærming i samskaping med frivillige og private leverandørar.

Kommunen skal også vera eit aldersvennleg samfunn som vil krevje ei brei innsats i tett samarbeid med næringsliv og samfunnet generelt.

Sjølv om vi lukkas med førebygging vil auke i tal innbyggjarar 80+ gje ei auke i tal mottakarar av heimetenester og behov for fleire institusjonsplassar. Når vi får fleire eldre vert det også fleire personar med demenssjukdom. Det er viktig at kommunen også for denne sjukdomsgruppa støtter opp om eigenmeistring og auka livskvalitet. Samstundes veit vi at denne sjukdomen i stor grad medfører behov for heildøgns omsorg. Kommunen må vere ein attraktiv arbeidsgjevar som rekrutterer og beheld godt kvalifisert arbeidskraft for å møte auka behov for tenester både innan institusjon og heimebasert omsorg. Det må i perioden utarbeidast ein heilskapleg plan for korleis Øygarden skal møte behovet for Helse- og omsorgstenester i åra som kjem. Den nasjonale kvalitetsreforma «Leve heile livet» skal vere førande i dette arbeidet.

Tilskot til dagaktivitetstilbod for personar med demenssjukdom er no innlemma i rammetilskotet med omlag kr. 2 mill. Tilbodet vert ei lovpålagt teneste frå 2020 og ein må sikra midlar til vidare drift. I tillegg er det behov for ein demenskoordinator i Øygarden kommune for å sikre ein tverrfagleg og heilskapleg oppfølging for denne gruppa.

Rus og psykisk helse

Dei siste åra har kommunane opplevd endringar i sjukdomsbilete. Stadig fleire har utfordringar knytt til rusmisbruk og/eller psykisk helse i livet sitt. Opptappingsplan for rusfeltet (2016 -2020) har sett kommunane i stand til å etablera fleire tiltak for denne brukargruppa. Fleire årsverk i tenestene og bustader for rusmisbrukarar er etablert. I statsbudsjettet for 2020 er det avsett kr 150 mill av veksten i kommunane sine frie inntekter som skal gå til å fullføre Opptappingsplanen for rusfeltet. For Øygarden sin del vil det utgjere omlag kr. 1,2 mill.

Til tross for kommunal innsats innan førebygging og nye løysingar/tilbod er utfordringar knytt til rus og psykisk helse aukande. Reduksjon i tilbod innan spesialisthelsetenesta har gitt kommunane eit større ansvar for dei mest ressurskrevjande brukarane. Øygarden kommune kjøper tenester frå private leverandørar av helse og omsorgstenester for å møte behovet til nokre av desse brukarane. Det vil i perioden vera behov for å kartleggje nærare om det er tenleg, og eventuelt korleis kommunen sjølv kan setjast i stand til å ta hand om dei mest ressurskrevjande brukarane sjølv.

Tenester til personar med funksjonsnedsetting

Øygarden kommune har godt utbygde bu- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming. Avlastingstilbod for barn og unge med ulike utfordringar er etablert, og vert no lagt under ei leing for å sikre fleksibel utnytting av eksisterande tilbod og kompetanse. Den største utfordringa er også her knytt til dei mest ressurskrevjande brukarane. Kommunen manglar i dag forsterka butilbod til unge med store hjelpebehov. Det er under planlegging 4 nye samlokaliserte bustader til denne gruppa på Rong som vil stette noko av behovet.

Det må arbeidast vidare med korleis tenester som ligg i skjæringspunktet mellom Oppvekst og Helse og velferd skal løysast på ein meir heilskapleg og samordna måte for denne gruppa.

NAV

I Øygarden kommune er det vedteke ei minimumsløysing for kommunale tenester ved NAV kontoret. Tenester som ligg til kontoret er utbetaling til økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgjeving.

I 2019 går kommunane samla med store overskriddingar for utbetaling til økonomisk sosialhjelp.

Fleire faktorar kan truleg forklare overskridingane, som m.a. har vore knytt til høgare arbeidsløyse i regionen enn elles i landet, endra reglar for arbeidsavklaringspengar (AAP), og andre faktorar som må kartleggjast nærare. Strukturelle forhold som befolkningssamansetning (hushaldningsstruktur, innvandrarbefolkning og aldersfordeling) har betydning for auken i sosialhjelps utbetalingane. Kostnadsnivå knytt til bu utgifter har også auka.

Det vil i 2020 vere naudsynt å kartleggje nærare årsaker til auke i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp. Det skal deretter utviklast tiltak for å stabilisere veksten i økonomisk sosialhjelp, der satsing for å få ungdom ut i arbeid skal prioriterast.

Kjøp av tenester

Budsjettet har i 2020 høg risiko når det gjeld konto – kjøpte tenester. Dette er kjøpte tenester frå private tilbydarar til heildøgns omsorg til ekstra ressurskrevjande brukarar. Det er store variasjonar i alder, utfordringar og diagnoser. Det følgjer ingen refusjon for brukarar over 67 år. Kommunane samla har i løpet av 2019 gjort vedtak etter Helse- og omsorgstenestelova for omlag kr 15 mill før refusjon, som det ikkje var budsjettet for. Tenestene må vidareførast i same omfang i 2020. Dette utfordringsbilete viser at sjølv med tidleg innsats og god planlegging innan helse og velferdstenestene, vil det i løpet av budsjettperioden kunne skje endringar og oppstå nye behov som må stettast.

Legeteneste/legevakt

Legetenesta vert vidareført om lag på same nivå og med same modell som i dagens tre kommunar. Legevakta er allereie lokalisert på Straume og betener heile den nye kommunen.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta er samla i ein eiga eining i Øygarden kommune. Basert på dagens situasjon er det grunn til å tru at tal flykningar vert lågare enn det har vore dei siste åra. Integreringstilskottet vert redusert i 2020 med kr 10 mill, mellom anna som følgje av at fleire har vore busett i over fem år. I ein periode med færre busette kan arbeidet med oppfølging i heimen og integrering prioriterast.

Prioriteringar i perioden

- Måla i prosjektet «Rehabilitering først» må realiserast i åra som kjem. Rehabiliteringsavdelinga ved Øygarden lokalmedisinske senter må starta opp i 2020. Arbeidet med å få til avtale med andre samarbeidspartar må halde fram. Det vil verte behov for nye stillingar til lege, fysio/ergo og anna helsepersonell for å starta opp. Unytta prosjektmidlar på kr 1,6 mill. i 2019 vil kunne nyttast til føremålet, og ein vil søkje om ytterlegare midlar i 2020. Vidareføre tverrfaglege vurderingsteam og kvardagsrehabilitering som ein integrert del av heimetenestene. Modellen kan føre til økonomisk gevinst på sikt, då fleire kan klare seg utan tenester eller med redusert tenesteomfang.
- Differensierte dagaktivitetstilbod til personar med demenssjukdom må vidareførast og vidareutviklast. Frå 2020 er dette tilbodet lovpålagt og innlemma i rammetilskotet. Kostnad for tiltaka i 2019 ligg på rundt kr 0,9 mill – i rammetilskotet for NØK er det omlag kr 0,8 mill til dagaktivitetsplassar.
- Kartleggje årsaker til auke i sosialhjelps utbetalingar. Det skal deretter utviklast tiltak for å stabilisere veksten i økonomisk sosialhjelp, der satsing for å få ungdom ut i arbeid skal prioriterast.
- Etablera tiltak som kan redusere kjøp av private tenester til personar som har behov for heildøgns pleie og omsorgstenester. Dette gjeld særleg ressurskrevjande brukarar som ikkje kan nyttiggjere seg kommunale tilbod.
- Harmonisering av tenestetilbodet i Øygarden kommune må prioriterast i perioden. Det er viktig at Øygarden kommune tilbyr gode og likeverdige tenester til innbyggjarane uavhengig av kor dei bur i kommunen.
- Helse og velferdstenestene skal sikra ein aktiv brukar – og pårønderolle. «Kva er viktig for deg» er eit sentralt omgrep i framtidas utforming av tenestetilbodet i kommunen. Også i møte med den einskilde innbyggjar skal tenestene utformast saman med brukaren og næraste pårørande.

Satsingsområde

- Innføring av DigiHelse (Nasjonalt system for sikker kommunikasjon mellom kommune, brukar og pårørande)
- Ta i bruk digitalt logistikkprogram – Spider,- digitale kjøreruter for heimetenesta.
- Utvida bruk av velferdsteknologi. Alle alarmsystem ved institusjonane må bytast ut i perioden.
- Auka bruk av kvardagsrehabilitering – vurderingsteam. Tverrfagleg og tidleg kartlegging skal nyttast for å gje rask og rett hjelp til rett tid
- Døgnoen alarmsentral «aksjonssenter» ved Øygarden lokalmedisinske senter bør etablerast i løpet av perioden
- Leggja til rette for at innbyggjarane skal kunne bu heime så lenge som mogleg i tråd med prosjektet «Sjef i eige liv»
- Gradvis opptrapping ved Øygarden lokalmedisinske senter til full drift i løpet av perioden
- Tidleg innsats og førebygging i alle tenester skal prioriterast
- System for auka medverknad frå brukarar og pårørande skal innførast

Tiltak for å nå budsjettbalanse

Tiltak nr 1 reduksjon årsverk

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	-2,8	-2 000	-1 200	-1 200	-1 200

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: 2020: Redusert med 1 årsverk NAV og 0,8 årsverk fysio/ergoterapi. I tillegg vert 1 årsverk musikkterapeut halden vakant.

Konsekvens av tiltak: Auka krav til samordning, organisering og digitalisering av tenestene for å kompensera for reduksjon i årsverk og samstundes oppretthalda tenestenivå. Mellombels reduksjon i tilbod om musikkterapi.

Tiltak nr 2 Auka refusjon ressurskrevjande brukarar

	2020	2021	2022	2023
Auka refusjon frå staten	3 000	3 000	3 000	3 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Auka refusjon for ressurskrevjande brukarar. Siste året er det gjort vedtak om tenester til fleire ressurskrevjande brukarar.

Konsekvens av tiltak: Ressurskrevjande tenester til brukarane kan oppretthaldast

Tiltak nr 3 Auka brukarbetaling

	2020	2021	2022	2023
Auka brukarbetaling	1 560	1 700	2 000	2 300

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Innføre betaling for praktisk bistand med inntekt under 2 G i heile Øygarden. Dette har vært praksis i to av dei tre kommunane. I tillegg vil harmonisering av satsar for praktisk bistand kunne medføre auka inntekter.

Konsekvens av tiltak: Auka brukarbetaling for praktisk bistand.

Tiltak nr 4 Reserverte løyvingar til LMS

	2020	2021	2022	2023
Reserverte løyvingar til LMS	- 3 000	0	0	0

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Det vert opptrapping av tenester i Øygarden lokamedisinske senter i 2020, men noko mindre enn planlagt. I 2020 vert det tilnærma full drift av korttidsplassar, og det vert arbeid vidare med drift av plassar til rehabilitering. Til dette føremålet er det sett av prosjektmidlar med kr 1,6 mill og det vil vidare bli søkt om ytterlegare ekstern finansiering, i tillegg til mogleg samarbeid med andre aktørar.

Konsekvens av tiltak: Opptrappingsplan av drift ved LMS vert noko utsett. Det medfører redusert kapasitet for rehabilitering ved å ikkje nytte kr 3 mill. til føremålet.

Tiltak nr 5 Redusert kjøp av tenester

	2020	2021	2022	2023
Redusert kjøp av tenester	-1 000	-1 000	- 2 000	- 4 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Helse og velferd arbeidar med ein langsiktig plan om å redusera kjøp av tenester frå private og gje tilbod i kommunal regi. Kjøp av tenester er i stor grad knytt opp mot døgnopphald for ressurskrevjande brukarar og det er forventa innsparing over tid ved at kommunen leverar desse tenestene.

Konsekvens av tiltak: Skissera prosess og kostnader knytt til tilbod i kommunal regi kontra kjøp frå private leverandørar.

Tiltak nr 6 Effektivisering/ strukturendring

	2020	2021	2022	2023
Effektivisering/ strukturendring	- 500	-1 000	- 1 000	- 2 000

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Innan til dømes administrasjon, kjøken/kantinedrift og dagaktivitetstilbod vert det vurdert at det ved effektivisering, digitalisering og omstrukturering av tenester kan få økonomisk effekt.

Konsekvens av tiltak: Skissera prosess, tiltak og gevinstrealisering ved gjennomføring av endringar som vert gjort.

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn

Netto utgift	B-2020
Sum utgifter	358 993
Sum inntekter	87 899
Netto	271 094

Alle tal i heile tusen kr

Ansvar	Årsverk
Kommunalsjef	2
Kultur	36
Plan, geodata og oppmåling	30
Byggesak, tilsyn og miljøforvaltn	22
Eigedom, drift og vedlikehald	53
Reinhald	112
Sum	256

Om kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikre ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Viktige verktøy i dette arbeidet er planstrategi og kommuneplan. Området legg og føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverke til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har og ansvar for bibliotek, kulturskule, frivilligheit, kulturarv og det å støtte opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.


I kommunalsjefområde Kultur og samfunn ligg følgjande 5 einingar:

Eining	Ansvarsområde (ikkje uttømmende)	Årsverk
Plan, geodata og oppmåling	Samfunns- og tettstadutvikling, areal- og samfunnsplanlegging, planbehandling, samordning av arbeid med folkehelse, og overordna vegplanlegging, samordning av statistikk og stordata, geodata og oppmåling.	29,9
Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning	Dele- og byggesak, tilsyn, oppfølging av ulovlege tiltak, forureinings- og miljøsaker, naturressursforvaltning som jord, skog og viltforvaltning.	22
Eigedom, drift og vedlikehald	Drift og vedlikehald av kommunale bruksbygg, idrettsanlegg, symjehallar, samferdsle, grøntanlegg og parkar og overvatn.	53,32
Reinhald	Reinhald av kommunale bygg og anlegg.	112,33
Kultur	Allmenn kultur, kultur og næring-aspektet, bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, ungdomsklubbar, koordinering av MOT, idrett, samskaping med lags- og organisasjonsliv.	36,4


I tillegg er det 2 årsverk i overordna leiding for kommunalsjefområdet.

Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre einingar både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikle best moglege tenester, vil vi arbeide for å identifisere, koordinere og samordne desse oppgåvene.

Nøkkeltal (Kostra)



Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar er kr 4 107 i Øygarden, kr 1 745 i Fjell og kr 1 515 i Sund. Både Fjell og Sund ligg under landsgjennomsnittet, mens Øygarden ligg mykje høgare.



Både Fjell og Øygarden har høge netto driftsutgifter til kommunale vegar og gater per km.

Status og utfordringar

Det vil vere ei hovudoppgåve for kommunalsjefområdet i 2020 å få eit oversyn over eksisterande kunnskapsgrunnlag, kartlegge driftsnivå og arbeide for felles standardar, system og rutinar.

Kommunestyret skal innan oktober 2020 vedta planstrategi for valperioden. Det er mange offentlege planprosessar i dei tre kommunane som ikkje vert avslutta før overgang til ny kommune. I tillegg er det mange vedtekne areal- og temaplanar frå dei tre kommunane som kanskje ikkje peikar i same retning. Rådmannen vil tilrå at det er gjennom prosess med planstrategi ein avklarar planprioriteringane. Dette vil kunne gje ein gjennomgåande samanheng i planverket, noko ein truleg ikkje vil oppnå med ei generell vidareføring av eksisterande planar.

Det er og viktig å starte opp med kommuneplanen sin samfunnsdel, som er den overbyggande planen som gjev retning for samfunnsutviklinga i heile kommunen. For å kunne leggje fram eit planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, er det naudsynt å ta seg tid til gode prosessar med politisk forankring. Ein må drøfte kva utfordringsbilete kommunen står overfor, og deretter prioritere aktuelle satsingsområde. I samfunnsdelen er det naturleg å inkludere og drøfte overordna arealstrategiar. Slik rådmannen vurderer det, bør det i 2020 bli arbeidd med planstrategi og utarbeiding av planprogram for samfunnsplan. Det vert ikkje tilrådd å starte arbeid med kommuneplanen sin arealdel før det er avklart

kva arealstrategiar som skal vere førande for dette arbeidet.

Plan, geodata og oppmåling

Det vert tilrådd å starte opp arbeid med planstrategi og planprogram til kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette viktige arbeidet vil binde opp ressursar til offentleg planlegging. Før vedtak i sak om planstrategi vil rådmannen tidleg i 2020 leggje fram ei sak om prioritering av arbeid med ikkje vedtekne offentlege planar. Per desember 2019 er det vel 20 pågåande planprosessar i kommunal regi. Ein må ta stilling til kva planar ein ønskjer å fullføre før ny planstrategi er lagt.

Eininga må også setje av ressursar til private planar i sentrumsområder som må koordinerast. Det er viktig at planane heng saman, stør opp om kvalitetsprogram, og er forankra i organisasjonen for å sikre kommunen si rolle i gjennomføringsfasen etter planvedtak.

Rådmannen tilrår at offentlege planar vert prioritert før private planar i same området, då offentlege planar legg overordna føringar for private planar, og slik kan sikra den heilskapen ein ønskjer.

Når arbeid med Sotrasambandet startar opp, må det forventast å bruke ressursar inn mot deltaking og samordning. Arbeidet vil involvere fleire einingar og gje store oppgåver til heile området vårt.

Kommunen sitt folkehelsearbeid står sentralt i det å utvikle eit inkluderande samfunn der det er godt å leve og der det er utviklingsmoglegheiter for alle. Folkehelseoversikten må nyttast som ein viktig premiss i kommuneplanarbeidet. Alle kommunalsjefområda har ansvar for å drive folkehelsearbeid, og prioritering av tiltak som styrkjer folkehelsa må vere ein viktig del av kommunen sitt årshjul. Plan, geodata og oppmåling vil ha eit koordinerande ansvar for folkehelsearbeidet, men det er viktig at alle sektorane har eit aktivt eigarskap til dette arbeidet. Å lukkast i arbeidet med god folkehelse vil ha mykje å seie for livskvaliteten til einskildmennesket. Samtidig vil det kunne gje eit kvalitetsstempel til heile kommunen og vil påverke i kva grad ein lukkast med å bygge eit samfunn som vektlegg medverknad frå innbyggjarar, demokrati og berekraft. Ein skal heller ikkje underslå at folkehelsearbeidet også har betyding for det økonomiske handlingsrommet til kommunen.

Vedteken områdeplan for Straume med modell for utbyggingsavtalar vil vera med å gje ei føreseieleg utvikling av området for alle berørte aktørar. Gjennom modellen har kommunen avtalt å overta rekkefølgekrav frå private planaktørar mot at dei dekker 50% av utgiftene knytt fellestiltaka i planområdet. Kommunen må dekke resterande 50%. For Øygarden kommune utgjør dette om lag 100 millionar kr for regionsenteret Straume. Rådmannen vil arbeide for å få ei samla oversikt over avtalar og forpliktingar og pårekneleg tidshorisont for gjennomføring. Dette er nødvendig for å kunne leggje dei økonomiske konsekvensane inn i økonomiplanen. I 2020 vil rådmannen leggje fram ei prinsippsak om korleis kommunen skal forhalde seg til utbyggingsavtalar som verkemiddel.

Det pågår hausten 2019 forhandlingar om byvekstavtale. Staten vil tilby kommunen vel 400 millionar kr over ein periode på 10 år mot at kommunen bind seg til mål om at vekst i persontransport skal skje gjennom auka kollektivtransport, sykkel og gange (nullvekstmålet). Å inngå ein avtale og få tilgang til desse midlane, vil gje kommunen eit styrka økonomisk handlingsrom. Føringar knytt til nullvekstmålet er nasjonale og vil vera gjeldane for arealplanlegginga i kommunen anten vi inngår ei byvekstavtale eller ikkje.

Kommunen ønskjer å satse på auka bruk av geodata, og det er investert i ny programvare for forvaltning, analyse og innsyn gjennom digitale kart. Slike verktøy vil gagne alle tenestene i kommunen og vil bidra til forenkling av arbeidet både for dei tilsette og for innbyggjarane. Det vil gjere det lettare for publikum å få innsyn i saker, føre til meir effektiv involvering av innbyggjarar, det vil lette fangst av geografiske temadata og mogleggjere betre visualisering av informasjon. Betre kartprogram med tilhøyrande funksjonar vil også vere viktig når ein må handtere kritiske situasjonar i samfunnet.

Behandling av private planar og oppmåling er sjølvkostområde. Erfaringstal viser ujamn saksinngang og varierende inntekter. I budsjett for 2020 er det budsjettert med inntekter som ligg nær erfaringstal, noko som gjev reduserte men meir realistiske inntekter for dette sjølvkostområdet.

Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning

For eininga vil det vera stort fokus på digitalisering i økonomiplanperioden og det vil bli arbeidd med å etablere robotisert saksbehandling for enkle saker.

Det innkjøpte kartsystemet gjer oss betre rusta til oversyn og gode innsynsløysingar for innbyggjarar. Kommunen deltek i nettverket «Samordna regional digitalisering» – faggruppe for plan, bygg og geodata. Dette vil gje oss drahjelp i digitaliseringsarbeidet.

Gjennom å setje av ressursar til klagebehandling har ein mål om å oppnå raskare saksgang på dette området. Rådmannen legg og til grunn at alle fristar for ordinær byggesak skal haldast. Rådmannen vil også prioritere å setje av ressursar til oppfølging av tilsyn og ulovlege tiltak.

I 2020 vil det bli arbeidd med samordning og kunnskapsgrunnlag for ulike ansvarsområde som landbruk, viltforvaltning, vassforvaltning og forureining.

Behandling av private planar og oppmåling er sjølvkostområde. Erfaringstal viser ujamn saksinngang og varierende inntekter. I budsjett for 2020 er det budsjettert med inntekter som ligg nær erfaringstal, noko som gjev reduserte men meir realistiske inntekter for dette sjølvkostområdet.

Eigedom, drift og vedlikehald (EDV)

Dei siste åra er det gjort store investeringar på bygg og anlegg i kommunen. For EDV vil det vere ei viktig oppgåve å følgje opp desse nye bygga og anlegga. Dette må skje ved å etablere funksjonelle driftssystem og rutinar og tilpasse bemanninga til dei nye behova. Samordning av normer, rutinar og standardar vil og vera viktig å få på plass i 2020.

Det blir oppretta ei eiga teneste for transport som skal samordne kommunen sin bilflåte. Tenesta skal også sjå på moglege synergieffektar av samordning av ulike transportoppdrag som kommunen har. Lukkast ein med dette, vil det frigjere ressursar hos andre einingar til andre oppgåver.

Ei prioritert oppgåve for 2020 vil vere å få på plass system for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). Eit slikt system må på plass og riggast før utarbeiding av ein samla vedlikehaldsplan for bruksbygga. Vidare skal det arbeidast med kunnskapsgrunnlag for kommunen sine 185 km veg, inkludert veglys og vegstandar. Det må også gjerast ei tilstandskartlegging av kommunen sine 17 bruar og 64 kaiar. Dette vil kunne gje oss eit godt kostnadsgrunnlag for planlagt vedlikehald.

Innan eigedomsforvaltning må ein raskt få ei samla oversikt av avtalar og registre, slik at ein har god kontroll på inn- og utfakturering. Her vil eit FDV-system vere til god hjelp. Kommunen leiger i dag bygg for om lag 40 mill. kr i året, medan utleige av kommunale bygg gjev inntekter på 16-17 mill. kr.

Det er etablert nye parkanlegg på Straume, på Rong og 2,6 km med turløyper ved Spildepollen skule. Det er viktig å halde desse anlegga i god stand. Det vil bli sett av ressursar til oppfølging av park og grøntareal på offentlege plassar og kring kommunale bygg og anlegg.

Det er knytt ei aktivitetsplikt for unge som mottar sosialhjelp. Innan EDV ligg det til rette for å kunne tilby meningsfylt arbeid til dei som mottar slike ytingar. Kommunalsjefområdet vil ta det samfunnsansvaret der er å kunne hjelpe personar som er i ein slik vanskeleg livssituasjon, ved å tilby dei varierte aktivitetar i eit sosialt fellesskap.

Reinhald

Reinhald vil arbeide for å vere ei dynamisk og fleksibel eining som er løysingsorientert og kostnadseffektiv, og som utfører tenester med god kvalitet. Eininga vil vektlegge eit trygt arbeidsmiljø og vil vere utviklingsorientert med tanke på reinhaldsmetodar. Gjennom ulike byggprosjekt er det erfart at det å involvere personar med reinhaldskompetanse i planlegginga, vil gje meir reinhaldsvenlege bygg og meir kostnadseffektiv drift.

For å redusere bruk av kjemikaliar, vil det bli brukt meir maskinelt arbeid. Eininga ønskjer å vere i forkant i utviklinga av reinhald og det vil og bli vurdert å bruke robotiserte reinhaldsløysingar.

Det vil i 2020 og i økonomiplanperioden vere behov for kompetanseheving innan reinhald. Ein vil derfor tilby internopplæring og vidareutdanning med moglegheit for tilsette å ta fagbrev.

Kultur

I 2020 vil det bli prioritert å kartlegge alle anlegg som har fått spelemidlar der det er ei vedlikehaldsplikt i 30 år. Dette gjeld og private anlegg. Gjennom kartlegginga vil ein få oversikt og kunne lage ein plan for oppfølging av desse. Når kommunen prioriterer nye spelemiddelsøknader, blir denne kartlegginga viktig å sjå til.

Kultur vil arbeide for å få fram eit kunnskapsgrunnlag for kultur og idrett. Ei oppdatert oversikt over sektoren vil vera viktig som eit grunnlag for seinare planarbeid innan kultur og idrett.

I 2020 ønskjer kultur å sette i gang dialog med frivillig sektor for å definere kva samskaping handlar om og kva frivillig sektor ser dei har behov for i samarbeid med kommunen. Kultur vil jobba vidare med ein strategi for det framtidige samspelet mellom frivillig sektor innan helse, oppvekst, idrett og kulturfeltet. Strategien skal ta inn i seg det frivillige arbeidet og innsatsen til dei frivillige organisasjonane og enkelt personer som ikkje er medlem i ein frivillig organisasjon. Dette må følgjast opp med mål og tiltak.

Det vil bli arbeidd med ein utviklingsstrategi for biblioteka for å gje retning til biblioteka inn i eit nyetablert innbyggjartorg. Folkebiblioteket er eit av de siste "torga" i lokalsamfunnet der folk kan møtast på tvers av skilnader, både etniske, økonomiske, utdanningsmessige og andre. Ved samlokalisering av innbyggjartorg og bibliotek har ein valt å forsterke torget og møteplass-funksjonen for innbyggjarane. Utviklingsstrategien må ta opp i seg korleis innbyggjartorg og bibliotek kan styrkje «ein dør inn» til kommunen sine tenester. I dette arbeidet blir det viktig med involvering av innbyggjarane. Bibliotekets kjerneoppgåver er aktiv formidling ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle. Bibliotekets oppdrag er også å gje rom for debattar, samtalar og arrangement, vere ein arena der ein kan lære om språk og kultur – altså ein vesentleg faktor for integrering, deltaking og demokrati. Dette oppdraget bør sjåast i samanheng med eit utvida innbyggjartorg.

Skulebiblioteka har ein viktig plass i dannelses- og utdanningsbiletet for barn og unge. Det må lagast ein plan på korleis skulebiblioteka skal driftast.

Kommunen har eit etablert samarbeid med dei tre musea i kommunen. Det må avklarast forventningar, rollar og samhandling mot musea og stiftingane knytt til kulturfeltet.

Kulturskulen er ein viktig arena for barn og unge sin moglegheit til å utøve kunst og kultur. Kulturskulen arbeider med eit utviklingsprosjekt der målsetjinga er at ein skal bli ein meir synleg aktør i samfunnet og at ein skal bli betre på samarbeid. Kulturskulen har også eit ansvar for å gje kultur til alle. Ein veit at kultur kan ha stor betyding for styrka mental helse hos folk. Kulturskulen må derfor legge til rette for tett samarbeid med helsesektoren og skulesektoren. Kulturskulen må også støtte opp under det frivillige og det profesjonelle kulturlivet. Ein har ambisjon om at kulturskulen skal utvikle og bygge eit lokalt ressurscenter. Dette handlar mellom anna om å vere ein utstillings- og konserttilbydar men og om å stille kompetanse og andre menneskelege ressursar tilgjengeleg for lokalsamfunnet.

Måten ein bestiller rom til aktivitetar har vore løyst på ulike måtar i dei tidlegare kommunane. Gjennom reservasjonssystemet Aktivivest.no har kommunen tatt i bruk ein felles måte å synleggjere alle lokale som kommunen stiller til disposisjon. Det vil bli sett i gang arbeid med å finne ein fast fordelingsnøkkel for å tildele fast trenings- og øvingstid. Det skal lagast same retningslinjer for enkeltbestilling av gymsalar, idrettsbygg og kulturhus.

Ein vil ta i bruk digitale skjema for å effektivisere tilskotsforvaltinga. Nye tilskotsordningar for kommunen skal vere klar frå 01.01.2020.

Det finst i dag tre kulturminneplanar med ulike tiltakslistar. Her må det gjerast ei samordning og prioritering av tiltak og bruk av midlar til gjennomføring av tiltaka.

Det har vore gjort mykje godt arbeid dei siste åra med rydding og tilrettelegging av turstiar i kommunane. Dette arbeidet må vidareførast i samarbeid med frivillig sektor og musea.

Kultur har blitt tildelt regionale utviklingsmidlar for å jobbe vidare med formidling av kulturminne på turstiane i kommunen. Dette prosjektet byggjer på Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Programmet skal utviklast vidare til ein varig organisasjon etter prosjektperioden, særleg gjennom ei satsing og utvikling av guideservice saman med musea. Prosjektet vil ta opp i seg samskaping mellom kultur og næring. Gjennom samarbeid med Bergen Reiselivslag vil ein jobba fram pakker av guida turar som musea formidlar.

Prioriteringar i perioden

- Innkjøp og iverksetting av FDV system
- Samferdsle, utarbeide vegnorm for ny kommune
- Kunnskapsgrunnlag til ny kultur og idrettsplan
- Utvikling av bibliotek/innbyggartorg
- Vidareutvikling av maskinelle reinhaldsmetodar
- Kompetansebygging for tilsette i reinhaldstenesta
- Etablere strategi for tilsyn i byggesak og forureiningssaker/utslepp
- Vidareutvikle digitale løysingar for byggesak
- Planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel
- GEOdata; implementering av nye digitale verktøy og framstilling av kart, statistikk og analyse
- Vidareføring av avtale med MOT jf. omtale under kommunalsjefområde Oppvekst

Satsingsområde

- Mindre ombygging og tilpassing av kommunal bygningsmasse etter lokalisering
- Årleg MOT – festival for ungdommane i kommunen, kr 500 000

Tiltak for å nå budsjettbalanse

Tiltak nr 1 reduksjon årsverk

	Tal årsverk	2020	2021	2022	2023
Reduksjon årsverk	- 6,9	- 5 534	-10 400	-10 400	-10 400

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Redusert med 2,4 årsverk på eining Kultur, 1,5 årsverk på eining Plan, geodata og oppmåling, 1,0 årsverk på eining Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning og 2 årsverk på eining Reinhald – totalt 6,9 årsverk.

I tillegg til dei 6,9 årsverka vil ei 100% stilling på eining Plan, geodata og oppmåling bli halde vakant i 2020 med 8 månader verknad. Dette gjeld og ei 100 % stilling på Eigedom, drift og vedlikehald, samferdsle, med 9 månader verknad. Årsverknad vil utgjere kr 1 165 000 for desse to vakante stillingane.

Konsekvens av tiltak for 2020:

Byggesak: Reduksjon med ei stilling vil på kort sikt medføre at det vert krevjande å sakshandsame søknadar innanfor lovpålagte fristar. Overskrider kommunen desse fristane skal gebyr verte redusert med 25 % per begynte veke. Vil kunne medføre styring av ressursar frå klagehandsaming, tilsyn og

oppfølging av ulovlege tiltak mot ordinær byggesakshandsaming. På lengre sikt må ein kunne forvente frigjerung av ressursar som ei følgje av digitalisering og robotisering av saksprosess.

Eigedom, drift og vedlikehald: Mindre kapasitet til arbeid innan samferdsle og trafikksikring for ein avgrensa periode.

Plan, geodata og oppmåling: Ein reduksjon med 1,5 stilling (2,5) (100% planleggjar og 50% Folkehelse) og 100% stilling 8 månader verknad vil gje redusert kapasitet på planhandsaming og arbeid knytt til overordna folkehelsearbeid der ansvar for koordinering på tvers i organisasjonen er lagt til eininga. Vil kunne medføre lengre sakshandsamingstid for private planar som er klar til slutthandsaming. Det vil vera avgjerande å sjå på prioritering av arbeid med pågåande offentlege planar der noko må setjast på vent.

Kultur: Gjeld 100% stilling som kulturkonsulent, 60% stilling som frivilligkoordinator og 80% stilling som kulturskulelærar. Vil medføre mindre ressurs til arbeid innan kulturminne og kobling kultur/næring og arbeid opp mot frivillig sektor. Reduksjon innan kulturskulen vil gje mindre undervisningstid retta mot barn og unge. Tiltak kan vera å leggje opp til meir gruppeundervisning.

Reinhald: Reduksjon med 200% stilling. Må sjå på reinhaldsfrekvens og harmonisering av denne mellom bygg og dei gamle kommunane. Er rekna inn reduksjon av 100% stilling i 2020 og 200% frå 2021.

Tiltak nr 2 Vedlikehald Saltebu Kystmuseet

	2020	2021	2022	2023
Vedlikehald Saltebu	-120	-120	-120	-120

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Øyremerka tilskot til vedlikehald av Saltebu vert tatt bort

Konsekvens av tiltak: Kystmuseet må prioritere vedlikehald innafor tilgjengeleg økonomisk ramme

Tiltak nr 3 Reduserte konsulenttenester

	2020	2021	2022	2023
Reduserte konsulenttenester	-500	-500	-500	-500

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Redusert bruk av konsulenttenester til analysar/utgreiingar ved utarbeiding av offentlege planar.

Konsekvens av tiltak: Gjere meir i eigen regi og hardare prioritering av planarbeid. Arbeid med planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel må prioriterast før andre offentlege planar.

Tiltak nr 4 Kutte kommunal landbruksstøtte

	2020	2021	2022	2023
Kutte kommunal landbruksstøtte	-350	-350	-350	-350

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Avvikle kommunal landbruksstøtte

Konsekvens av tiltak: Mindre stønad til landbruksprosjekt i Øygarden kommune. Kommunen forvaltar statlege landbrukstilskot som ikkje er knytt til denne posten. Saldering av aktuell post vil ikkje påverke forvaltning av dei statlege midlane.

Tiltak nr 5 Reduserte leigekostnader for bygg ved samlokalisering

	2020	2021	2022	2023
Reduserte leigekostnader	-460	-460	-460	-460

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Einarsengården inneheld i dag Straume ungdomsklubb som gjev tilbod til ungdommar på kveld ettermiddag og skuletilbod på dagtid. Det er no arbeid i gang med å få på plass ei samlokalisering med Kraftsenteret i Lieco-bygget.

Konsekvens av tiltak: Ved å få til felles bruk med Kraftsenteret i Lico-bygget vil ikkje dette få noko konsekvens, men ei betre utnytting av bygg.

Tiltak nr 6 Reduksjon samlepostar på vedlikehald

	2020	2021	2022	2023
Reduksjon vedlikehald	-2680	-2680	-2680	-2680

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Generelt nedtrekk på ulike postar innforbi vedlikehald av kommunen sine bruksbygg og innan samferdsle.

Konsekvens av tiltak: Generelt sett har dei kommunale bygga ein god standard på vedlikhald og det er også målsetting frametter ved inngang til ny kommune. Det er og ulik standard på vegvedlikehald. Ved å ta ned det generelle vedlikehaldet vil ein gå litt ned frå dagens nivå, men ein vil gå gjennom organisering av arbeidet for å sjå om arbeid kan gjerast på andre eventuelt betre måtar enn i dag.

Tiltak nr 7 Reduksjon av diverse ymsepostar

	2020	2021	2022	2023
Reduksjon av diverse ymsepostar	-290	-290	-290	-290

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Reduksjon på mange ulike postar som arbeidstøy, kontingentar, fagsamlingar, småutstyr, annonsering osv.

Konsekvens av tiltak:

Ikkje store konsekvensar, men kan medføre lengre bruk av utstyr før utskifting og mindre rom for sosiale aktivitetar.

Tiltak nr 8 Reduserte kostnader straum/forsikring

	2020	2021	2022	2023
Reduserte kostnader	-750	-750	-750	-750

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Nedtrekk på straum og byggforsikring på 750 000.

Konsekvens av tiltak: Nedtrekk utgjør om lag 3% av budsjett. Forventning om at nye innkjøpsavtalar skal gi meir gunstige vilkår. I tillegg må ein arbeide systematisk med ENØK tiltak.

Tiltak nr 9 MOT-festival

	2020	2021	2022	2023
Utgifter MOT-festival	500	500	500	500

Alle tal i heile tusen kr

Skildring av tiltak: Fellesnemnda har gjort vedtak om at MOT-festivalen skal vera eit årleg arrangement der kommunen delfinansierer arrangementet med kr 500 000, og der det er forventning om at næringslivet bidreg med tilsvarande for å få arrangementet realisert.

Konsekvens av tiltak: Viktig førebyggjande tiltak for ungdom.

17 Oversikt søknadar organisasjonar mm

Øygarden brann og redning KF

Øygarden brann og redning er lagt inn i budsjett 2020 med kr 31 420 000. Søknaden frå brannvesenet var på kr 32 020 000. Framlegget er ein auke på 1,6 % frå budsjett 2019 som var på kr 30 916 546.

På same måte som dei andre einingane i kommunen må også Øygarden brann og redning KF redusera driftsnivået.

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Øygarden kyrkjelege fellesråd er lagt inn i budsjettet med kr 28 697 000. I tillegg til pris- og lønsauke er det lagt inn auka tilskot til areal og reinhald, IKT, porto og kjøp av rekneskapstenester frå Øygarden kommune. Kyrkja sin søknad er på kr 30 298 500, og det er såleis ein differanse på kr 1 601 500 mellom søknad og det som ligg i rådmannen sitt framlegg til budsjett.

Postar som kyrkja har bedt om midlar til, men som ikkje ligg i rådmannens sitt framlegg:

Systematisk vedlikehald kyrkjer	300 000
Systematisk vedlikehald av gravplassar og maskinutstyr	150 000
Diakonistilling 50 % finansiering (alle kostnader)	390 000
Kompetansebygging, etterutdanning, leiarutvikling	250 000
Budsjettert bruk av fond Fjell kyrkjelege fellesråd i 2019	204 000
Ymse	307 500
Sum	1 601 500

Framlegget til tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er ein auke på 10,6 % frå budsjett 2019 som var på kr 25 943 000.

Medlemsskap og tilskot til organisasjonar

Oversikten under viser mottekne søknadar frå organisasjonar i samband med budsjett 2020. I budsjettet for 2020 er tilskot på same nivå som i 2019 lagt inn. Det er ikkje funne rom for å auka tilskota utover dette nivået.

Organisasjon	Tekst	Søknad	Budsjett 2020	Diff
Pit Stop Sotra	Støtte til forebyggjande arbeid for unge med psykiske helseutfordringar	600 000		
Museum Vest	Støtte Nordsjøfarmuseet, Kystmuseet, Fjell festning	5 168 000	4 602 000	566 000
Dale Oen Experience	Yoyexplore academy	1 200 000	500 000	700 000
Aktiv +		Ikke beløp	25 000	
Øygarden KFUK-KFUM	Home Start familiekontakten	1 200 000	1 200 000	0
Ivar Fjeld	Fond til sikring av strilen sitt språk og identitet	10 000 000		10 000 000
Fjell Festning Light Festival	Lysfestival	100 000	75 000	25 000
Rong Brass		250 000	250 000	0

Vest-Norges Brüsselkontor

I sak 40/18 i Fellesnemnda vart sluttrapport for eigarskapsmodellar handsama. I sluttrapporten frå utval for eigarskapsmodellar står det at utvalet gjer framlegg om at medlemskapen i Vest-Norges Brüsselkontor vert avvikla. Det er berre gamle Øygarden kommune som er medlem her. Kontingenten er kr 4,20 per innbyggjar i serviceavgift + årsavgift kr 1 000. Med 38 000 innbyggjarar vert medlemskostnaden om lag kr 160 000.Ks og Hordaland fylkeskommune ivaretek vidare representasjon og desse kanalane kan vera viktig for innovasjon og næringsutvikling og kan vera ei dør mot Europa. Fellesnemnda vedtok at et eventuelt medlemskap for Øygarden kommune fyrst skulle bli tatt stilling til ved handsaming av budsjettet for 2020.

18 Obligatoriske skjema

Økonomisk oversikt drift

	Budsjett 2020
Driftsinntekter	
Brukarbetaling	-98 310
Andre sals- og leieinntekter	-80 889
Overføringer med krav til motytelse	-270 061
Rammetilskot	-1 033 817
Andre statlege overføringer	-95 840
Andre overføringer	-470
Skatt på inntekt og formue	-1 123 594
Eigedomsskatt	-158 106
Andre direkte og indirekte skattar	0
Sum driftsinntekter	-2 861 087
Driftsutgifter	
Lønsumgifter	1 507 457
Sosiale utgifter	380 492
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	296 393
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	379 044
Overføringer	167 608
Avskrivningar	144 720
Fordelte utgifter	-2 146
Sum driftsutgifter	2 873 568
Brutto driftsresultat	12 481
Finansinntekter	
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-35 254
Gevinst på finansielle instrumenter	-6 000
Mottatt avdrag på utlån	-1 110
Sum eksterne finansinntekter	-42 364
Finansutgifter	
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	101 536
Tap på finansielle instrumenter	0
Avdrag på lån	110 000
Utlån	0
Sum eksterne finansutgifter	211 536
Resultat eksterne finanstransaksjonar	169 172
Motpost avskrivningar	-144 720
Netto driftsresultat	36 933
Interne finanstransaksjonar	
Bruk av tidlegare års reknsk.m mindreforbruk	
Bruk av disposisjonsfond	-36 933
Bruk av bundne fond	
Sum bruk avsetningar	
Overført til investeringsrekneskapen	
Dekning av tidlegare års reknsk.m. meirforbruk	
Avsettingar til disposisjonsfond	
Avsettingar til bundne fond	
Sum avsettingar	
Rekneskapsmessig meir/ mindreforbruk	0

Budsjettskjema 1 A

	Budsjett 2020
Skatt på inntekt og formue	-1 123 594 000
Ordinært rammetilskudd	-1 033 817 000
Skatt på eiendom	-158 106 000
Andre direkte eller indirekte skatter	0
Andre generelle statstilskudd	-95 840 000
Sum frie disponible inntekter	-2 411 357 000
Renteinntekter og utbytte	-35 254 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-6 000 000
Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter	101 536 000
Tap på finansielle instrumenter	0
Avdrag på lån	110 000 000
Netto finansinntekter/-utgifter	170 282 000
Dekning av tidl års regnskm merforbruk	0
Til ubundne avsetninger	0
Til bundne avsetninger	0
Bruk av tidl års regnskm mindreforbruk	0
Bruk av ubundne avsetninger	-36 932 726
Bruk av bundne avsetninger	0
Netto avsetninger	-36 932 726
Overført til investeringsbudsjettet	0
Til fordeling drift	-2 278 007 726
Sum fordelt til drift fra skjema 1B	2 278 007 726
Merforbruk/ mindreforbruk	0

Driftsbudsjett per ansvar

	B-2020
1000 Sentrale folkevalde	
Inntekt	-1 117 049
Utgift	17 593 529
Netto	16 476 480
2000 Rådmann	
Inntekt	-5 030 892
Utgift	74 028 788
Netto	68 997 896
2010 Ressursgruppe	
Inntekt	
Utgift	7 477 190
Netto	7 477 190
2100 Kommunalsjef økonomi	
Inntekt	
Utgift	1 310 354
Netto	1 310 354
2110 Økonomistyring	
Inntekt	-1 279 996
Utgift	21 127 785
Netto	19 847 789
2120 Kemner	
Inntekt	-794 507
Utgift	3 154 250
Netto	2 359 743
2130 Innkjøp og investering	
Inntekt	-5 158 700
Utgift	11 962 074
Netto	6 803 374
2200 Kommunalsjef organisasjon og digitalisering	
Inntekt	
Utgift	1 480 625
Netto	1 480 625
2210 Drift	
Inntekt	-8 628 772
Utgift	62 006 976
Netto	53 378 204
2220 Utvikling	
Inntekt	-360 410
Utgift	19 115 957
Netto	18 755 547
2230 Service	
Inntekt	-5 444 882
Utgift	251 109 772
Netto	245 664 890
2290 Ufordelt - drift service utvikling	
Inntekt	-7 072 000
Utgift	24 954 529
Netto	17 882 529
2240 Tryggleik	
Inntekt	-11 880
Utgift	11 669 160
Netto	11 657 280
3000 Kommunalsjef helse og velferd	
Inntekt	-55 560 598
Utgift	69 323 754
Netto	13 763 156

3110 Heimetenesta sone sør	
Inntekt	-2 269 508
Utgift	27 095 541
Netto	24 826 033
3120 Heimetenesta sone nord	
Inntekt	-1 794 426
Utgift	32 464 276
Netto	30 669 850
3130 Heimetenesta sone Straume	
Inntekt	-3 021 298
Utgift	38 277 051
Netto	35 255 753
3210 Teneste til menneske med utviklh sone sør	
Inntekt	-9 072 120
Utgift	42 917 493
Netto	33 845 373
3220 Teneste til menneske med utviklh sone nord	
Inntekt	-1 166 846
Utgift	33 289 312
Netto	32 122 466
3230 Teneste til menneske med utviklh sone Straume	
Inntekt	-4 530 265
Utgift	59 339 926
Netto	54 809 661
3310 Rus og psykisk helse sone sør	
Inntekt	-11 849 717
Utgift	24 255 921
Netto	12 406 204
3320 Rus og psykisk helse sone nord	
Inntekt	-638 101
Utgift	18 704 152
Netto	18 066 051
3330 Rus og psykisk helse sone Straume	
Inntekt	-11 164 286
Utgift	47 446 056
Netto	36 281 770
3410 Flyktningtenesta	
Inntekt	-1 934 728
Utgift	22 664 601
Netto	20 729 873
3510 NAV	
Inntekt	-2 587 403
Utgift	75 976 340
Netto	73 388 937
3610 Fjell sjukeheim	
Inntekt	-14 523 215
Utgift	55 696 322
Netto	41 173 107
3620 Tednebakkane omsorgssenter	
Inntekt	-2 731 085
Utgift	57 634 523
Netto	54 903 438
3630 Sundheimen	
Inntekt	-10 237 000
Utgift	47 552 542
Netto	37 315 542

3640 Kvednatunet	
Inntekt	-5 711 296
Utgift	51 539 804
Netto	45 828 508
3650 Straume bu- og servicesenter	
Inntekt	-2 469 342
Utgift	36 152 208
Netto	33 682 866
3710 Øygarden lokalmedisinke senter	
Inntekt	-4 994 544
Utgift	32 579 380
Netto	27 584 836
3720 Legetenesta	
Inntekt	-17 036 310
Utgift	86 383 038
Netto	69 346 728
3730 Helse, meistring og rehabilitering	
Inntekt	-4 912 260
Utgift	27 280 895
Netto	22 368 635
4000 Kommunalsjef oppvekst	
Inntekt	-33 792 616
Utgift	50 233 566
Netto	16 440 950
4110 Bildøy barnehage	
Inntekt	-2 122 830
Utgift	10 206 101
Netto	8 083 271
4111 Bjørøy barnehage	
Inntekt	-2 944 600
Utgift	11 610 071
Netto	8 665 471
4112 Breivik barnehage	
Inntekt	-917 959
Utgift	906 831
Netto	-11 128
4113 Glesnes barnehage	
Inntekt	-1 675 154
Utgift	8 673 935
Netto	6 998 781
4114 Hamramyra barnehage	
Inntekt	-4 137 664
Utgift	17 779 103
Netto	13 641 439
4115 Knappskog barnehage	
Inntekt	-3 587 635
Utgift	15 750 029
Netto	12 162 394
4116 Klokkevik barnehage	
Inntekt	-3 562 427
Utgift	17 057 518
Netto	13 495 091

4120 Stranda barnehage	
Inntekt	-3 623 767
Utgift	16 198 648
Netto	12 574 881
4121 Straume barnehage	
Inntekt	-1 813 778
Utgift	7 933 710
Netto	6 119 932
4123 Telavåg barnehage	
Inntekt	-1 378 577
Utgift	6 794 683
Netto	5 416 106
4124 Terna barnehage	
Inntekt	-3 335 734
Utgift	21 324 195
Netto	17 988 461
4125 Tjeldstø barnehage	
Inntekt	-607 678
Utgift	600 314
Netto	-7 364
4126 Tussetjødna barnehage	
Inntekt	-2 165 629
Utgift	11 097 845
Netto	8 932 216
4127 Ulveseth barnehage	
Inntekt	-1 468 025
Utgift	6 911 984
Netto	5 443 959
4128 Ågotnes barnehage	
Inntekt	-2 802 289
Utgift	11 786 669
Netto	8 984 380
4129 Lilljevatnet barnehage	
Inntekt	-4 163 206
Utgift	18 109 343
Netto	13 946 137
4210 Bjørøy skule	
Inntekt	-1 740 505
Utgift	14 176 159
Netto	12 435 654
4211 Blomvåg skule	
Inntekt	-2 660 358
Utgift	13 482 523
Netto	10 822 165
4212 Brattholmen skule	
Inntekt	-3 710 085
Utgift	28 702 568
Netto	24 992 483
4213 Foldnes skule	
Inntekt	-3 481 260
Utgift	28 189 877
Netto	24 708 617

4214 Hjelteryggen skule	
Inntekt	-3 415 445
Utgift	31 875 547
Netto	28 460 102
4215 Knappskog skule	
Inntekt	-3 194 213
Utgift	26 057 959
Netto	22 863 746
4216 Kolltveit skule	
Inntekt	-2 555 918
Utgift	27 550 983
Netto	24 995 065
4217 Landro skule	
Inntekt	-2 896 288
Utgift	26 826 952
Netto	23 930 664
4218 Rong skule	
Inntekt	-1 717 604
Utgift	16 396 458
Netto	14 678 854
4219 Skogsvåg skule	
Inntekt	-2 640 607
Utgift	29 958 771
Netto	27 318 164
4220 Skålevik skule	
Inntekt	-1 382 243
Utgift	14 631 141
Netto	13 248 898
4221 Spildepollen skule	
Inntekt	-2 263 891
Utgift	22 466 163
Netto	20 202 272
4222 Stranda skule	
Inntekt	-3 630 598
Utgift	38 350 896
Netto	34 720 298
4223 Tjeldstø skule	
Inntekt	-1 891 518
Utgift	14 556 333
Netto	12 664 815
4224 Toftøy skule	
Inntekt	-1 624 736
Utgift	18 380 629
Netto	16 755 893
4225 Ulveseth skule	
Inntekt	-2 938 303
Utgift	23 764 333
Netto	20 826 030
4226 Ågotnes skule	
Inntekt	-3 522 096
Utgift	29 385 307
Netto	25 863 211
4310 Fjell ungdomsskule	
Inntekt	-1 811 309
Utgift	51 419 058
Netto	49 607 749

4311 Sund ungdomsskule	
Inntekt	-1 448 410
Utgift	34 872 207
Netto	33 423 797
4312 Tranevågen ungdomsskule	
Inntekt	-2 680 390
Utgift	48 925 762
Netto	46 245 372
4313 Øygarden ungdomsskule	
Inntekt	-2 155 272
Utgift	26 158 227
Netto	24 002 955
4320 Gangstø ressursenter	
Inntekt	-354 212
Utgift	12 767 245
Netto	12 413 033
4330 Vaksenopplæringa	
Inntekt	-7 608 957
Utgift	17 897 356
Netto	10 288 399
4410 Barn, unge og familieteneste BUFT	
Inntekt	-4 990 091
Utgift	41 202 567
Netto	36 212 476
4411 PPT	
Inntekt	-33 353
Utgift	19 349 553
Netto	19 316 200
4412 Barnevern	
Inntekt	-18 089 990
Utgift	106 442 423
Netto	88 352 433
5000 Kommunalsjef kultur og samfunn	
Inntekt	-45 100
Utgift	2 661 607
Netto	2 616 507
5110 Kultur	
Inntekt	-4 574 951
Utgift	48 773 698
Netto	44 198 747
5210 Plan, geodata og oppmåling	
Inntekt	-9 014 250
Utgift	27 401 957
Netto	18 387 707
5310 Byggesak, tilsyn og miljøforvaltning	
Inntekt	-13 552 086
Utgift	19 252 095
Netto	5 700 009
5410 Eigedom, drift og vedlikehald	
Inntekt	-54 033 573
Utgift	185 941 636
Netto	131 908 063
5510 Reinhald	
Inntekt	-6 679 441
Utgift	75 462 450
Netto	68 783 009

Øygarden brann og redning IKS			Møtebok
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S32/2019	Bjørn Olav Pauslen
Driftsbudsjett for ØBR KF 2020			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld driftsbudsjett for ØBR KF for 2020. Brann- og redningssjefen gjer styret særleg merksam på organisasjonsendringa frå IKS til KF. Budsjettframlegget for 2020 skal difor ikkje til behandling i representantskapet. Det har vore møte med rådmann for Nye Øygarden kommune (NØK) der budsjettframlegget har vore diskutert. Framlegget har nokre usikre forhold. T.d. er det uavklart om, eller i kva stor grad, ØBR KF skal betale for støttetenester som skal leverast frå NØK. Ny organisering medfører at ØBR KF vert ein del av NØK, men har eige styret, og rapporterer til kommunestyret. Brann- og redningssjefen rår styret til å tilrå framlegg til budsjett for ØBR KF for 2020, slik det ligg føre.

Saksopplysningar

Styret ba i sak S27/2019 (17.06.2019) brann- og redningssjefen kome attende med ei sak om driftsbudsjett til neste møte. I skrivande stund er det fleire tilhøve for ØBR KF som ikkje er avklart. Det vi veit er at det nye føretaket vert ein del av NØK, og ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt slik ØBR IKS er.

Det går fram av driftsavtalen for det nye føretaket, at ØBR KF skal nytte tilgjengelege kommunale drifts- og støttetenester, herunder økonomi, IKT (herunder verktøy for avvikshandtering og ressursstyring), innkjøp, revisjon, prokura m.m. I budsjettframlegget er det difor føreset at føretaket ikkje lenger skal kjøpe desse tenestene slik ØBR IKS har gjort. ØBR KF har imidlertid nokre heilt særskilde programmar/deltakingar, viss kostnad er lagt inn i driftsbudsjettet.

Følgjande er lagt inn i budsjettframlegget:

- **Andel til 110-sentral** er teken inn fullt. Dette åleine gjev ei ekstra belastning på budsjettet og er estimert til kr 1 598 000. Dette er ei auke på kr 220 000 i høve til 2019. Tal frå Bergen brannvesen)
- Særskild programvare for heimeside (Acos), EcoOnline, Flexite-Fire
- Deltaking i Bjørnis-prosjektet (Gjensidigestiftelsen)
- Bedriftshelseteneste (Salutis) for 6 md. For å sikre at vi har tilgang til slike tenester, om ikkje Nye Øygarden kommune har fått dette på plass frå 01.01.2020.
- **Kapitalkostnader** ifbm kjøp av nye brannbilar.
- Innføring av fullt vaktlag ved Ågotnes brannstasjon med verknad fom 4. kvartal (krav i vedteken brann-dokumentasjon og dimensjoneringsforskrift)
- Heilårseffekt av stilling som var vakant i 2019.
- Saldering av budsjettet med bruk av kr 650 000 frå ØBR IKS(KF) sitt driftsfond.
- ØBR IKS har tilsette med pensjonsordning frå Fjell kommunale pensjonskasse og Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Det har vore store svingingar i pensjonskostnader for ØBR IKS. Grunna usikkerhet kring kven som blir ny leverandør, og tidlegare erfaringar, er det difor nytta same nivå som for 2019.

Følgjande ligg ikkje inne i budsjettframlegget:

- Estimert for Nye Øygarden kommune sin andel til Interkommunalt Utval mot Akutt forureining, ligg som tidlegare ikkje inne, og er estimert til kr 148 000 for 2020. Dette er ein reduksjon på kr 59 000 i høve til 2019. (Tal frå Bergen brannvesen)
- Estimert for Nye Øygarden kommune sin andel til Vest Brann- og redningsregion ligg, som tidlegare, ikkje inne, og er estimert til kr 257 000 for 2020. Dette er ein reduksjon på kr 52 000 i høve til 2019. (Tal frå Bergen brannvesen)
- Ev. kostnader til kommunale drifts- og støttetenester, herunder økonomi, IKT (inkl. verktøy for avvikshandtering og ressursstyring), innkjøp, revisjon, prokura m.m. Problemstillinga er ikkje avklart med kommunen.
- ØBR KF vert ikkje medlem av KS Bedrift slik ØBR IKS er. Sidan ØBR KF vert ein del av NØK. Vi føreset at føretaket har tilgang til bruken av KS, som resten av kommunen.

Vurderingar

Det var eit møte mellom brann- og redningssjefen, nestleiar i styret, rådmann og kommunalsjef økonomi 27.08.2019, med særleg fokus på framlegg til driftsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023 for ØBR KF.

Rådmannen har gjort til kjenne økonomiske utfordringar for NØK for 2020. Brann- og redningssjefen opplever samstundes at rådmannen ser det som viktig å ha ein progresjon i innføring av tiltak i vedteken branndokumentasjon. Etter signaler om dei økonomiske utfordringane, legg ØBR no opp til ein vesentleg lengre tidshorisont for innføring av nye tiltak, enn det som opphavleg var lagt inn i branndokumentasjonen.

